

Vårt land

Vårt land, vårt land,
vårt fosterland,
lyd høgt du fyre ord!
Ei ris det høgd mot himilrand,
ei lågnar dal, ei skyld vert stand
meir elska en vår bygd i nord,
en du vår fedrejord.

Vårt land er fatig, vert det med
om etter gull ein ser;
ein framand ser ei til vår led;
men dette landet elsker me,
for oss med moar, fjell og skjer
eit gull-land enn det er.

Me elsker brus frå elv og os
og bekk i kvate gong,
den dække sus frå skog og kjos,
vår stjernenatt, vårt sumarljøs,
alt det som har i syn og song
vårt hjarte kløkt ein gong.

Og her og her er dette land,
vårt auga ser det her;
me kunna strekkja ut vår hand
og visa glad på sjø og strand
og segja: Sjå det landet her,
vårt fosterland det er!

Å land, du tusundsjøig land,
der song og tru har bygt,
der livsens hav oss gav ei strand,
vår forntids land, vår framtids land,
vert av din fatigdom ei blygt,
ver fritt, ver glad, ver trygt!

*J. L. Runeberg. Umsett av Eivind Vågslid
(Skaldeord, Oslo 1952).*

*Sitert i "J. L. Runeberg, Dikt i utval",
utgjeve på Norrønlaget Bragr i 1969.*

I dette nummeret:

Lars-Toralf Storstrand:	Eit språkpolitisk spark	s. 2
Lars-Toralf Storstrand:	Opera	s. 2
Ukjend forfattar:	Dikt avlar rosor	s. 3
Thoralf Bergwitz:	Um landsnamnet "Norge"	s. 4
Lars-Toralf Storstrand:	Eit stutt innblikk i livet og tenesta til Petter Dass	s. 6
Olav Torheim:	Årsmøte i Ivar Aasen-sambandet av 2004	s. 9
Åsmund Strømmes:	Noko om Erling Kristvik og tenkjinga hans	s. 10
Olav Torheim:	Kven trur dei at dei lurer?	s. 14
Lars Bjarne Marøy:	Språkdogmi fyrst, deretter bokmålsveldet	s. 15

Eit språkpolitisk spark

Av Lars-Toralf Storstrand

Um norske språkkjenningar, språkgranskarar og språkprofessorar hev meir å fara med enn andre folk - er eit interessant spursmål. Dei seinste tvo åri hev etter måten mange framståande språkprofessorar lufta tanken um at norsk 'um nokre hundrad år' kjem til å vera bytt ut med engelsk. Det i seg sjølv er ei forvitneleg meining, og sidan me bur i eit land der me framleides hev lov til å ytra meiningar - vil eg og taka meg rett til å ytra ei slik meining.

Under eit søk på nettet, fekk eg 83 treff på søk um norsk språk og med spursmål um språket vårt kjem til å yverliva. Språkrådsdirektør Sylfest Lomheim meiner engelsk er den største faren for det norske målet - men trur ikkje at engelsk kjem til å taka plassen for norsk i dette hundradåret. Bjørn Tore Bryn skriv i eit intervju med Jon Bing for ei tid sidan at norsk språk kjem til å verta skift ut med engelsk innan nokre hundrad år.

Gjert Kristoffersen, som er professor i nordisk språkvitenskap steller i yverskrifti på ein artikkel spursmålet "vil det norske språk overleve?" Alt i titelen ser me dei range premissane. For det fyrste hev me tvo norske mål (eigenleg tri, men det tridje er berre norsk i nemning, ikkje i språkgruppa). For rett nok er språk ein livande organisme og dersom språket skal yverliva lyt det handsamast som ein livande organisme, og ikkje som daud materie. Men derifrå og til å isjela språket ved å stella spursmål ved um 'det norske språk [vil] overleve', det er eit for stort steg. So lenge språket ikkje hev ein eigen vilje, kan det helder ikkje vilja noko. Ein språkprofessor burde då kjenna språket sitt godt nok til å vita at det heiter "kommer det norske språk til å overleve?".

Bokmålet hev som dei fleste veit røter i austnordisk, umveges riksmål og dansk, og nynorsken hev sine røter i vestnordisk, umveges norske dialektar. Vel hev både austnordisk og vestnordisk same røter, men desse ligg så langt attende at ein like vel kunde gjenge vegen attende til indo-europeisk (som sume tykkjest ha ei svært stor kjensla for).

Eit gamalt fyndord segjer: "um hundrade år er allting gløymt". Hev språkprofessorane gløymt det i sitt langsyn? Um tri hundrade år eller so kann det like so vel tenkjast at engelsken hev vike plass for eit anna språk i rangen som verdsspråk. Trur språkprofessorane då -

at engelsk kjem til å vera det språket me nordmenn talar? Eller leiver dei von um at nordmenn kann ha utvikla seg meir?

For eigen del trur eg ikkje at engelsk er den store faren for det norske språket. Helder trur eg språkblandingi er det. Burtfallet av anbeheitlese-regelen hjå lingvistar som er vortne meir deskriptive enn preskriptive understrekar mi meining dette.

Det er lett for ein lingvist å segja at 'det er gale å segja at det er journalistar som stend attum forfallet i det norske språket'. Men kva vil lingvistane som meiner det setja inn i staden for 'journalistar?' Eitkvart må dei setja inn. Kann eg ymta fram på at dei set inn 'lingvistar'? For ein kann både tidt og ofte få tokken av at flukti frå preskriptiv lingvistikk til fyremun for deskriptiv lingvistikk er det som riv grunnen under språket.

Når det er sagt, må det understrekast at dette ikkje tyder på at det ligg nokor guddommeleg løysing i preskriptiv lingvistikk. Det tyder berre at det er dumt å kaste borni ut med badevatnet.

Norsk Språkråd ser med gru på framtid. Dei hev skipa eit utval som skal gjera framlegg til ein handlingsplan for norsk språk. Eg skynar ikkje kvifor. Utval som skal laga handlingsplanar fører sjeldan noko effektivt med seg. Kvifor ikkje berre nytta den islendske språkpolitikken? Slutt med språkblanding, tenk puristisk som islendingane - og styrk språket att.

Eit veikt språk gjer folket veikt og steller folket lagelegt til for hogg for ideologiske system som blømer i rørsor som Vigrid, Fórn Séd og di like. Den som trur at det motsette er reelt hev ikkje mykje skyn på saga. Som den vise kong Salomo sagde det ein gong: Det er ikkje noko nytt under soli.

Kristoffersen hev, kor som er, rett i ein ting. Han segjer at når "språk forsvinner, kan det trygt kalles en kulturell katastrofe". Men det er vel kanskje det vår tids globaliseringskåte politikarar vil ha?

Kløyv og Hersk! sagde dei gamle romerske keisarane. Det er det Språkrådet er åt å gjera i dag. Dei kløyver folket i tanken, av di dei - jamvel um sannorsken er daud politisk sèt - framleides gjer alt dei kann for å samla bokmålet og nynorsken til eitt språk. På toppen av det heile freistar dei lema engelsken inn i

norsk med eit knip dei kallar norvagisering.

Det er her purismen kjem med nye, friske, tankar. Lat eit språk vera eit språk. Lat engelsk vera engelsk og norsk vera norsk. Skriv ikkje gaid i staden for guide, skriv reiseleidar. Skriv ikkje konteiner i staden for container - skriv bôsboks.

Kristoffersen segjer kor som er noko anna interessant:

"Veien mot et eventuelt språkskifte går ikke via lånord, men via en serie mer og mer dramatiske domenetap, der oppdragelsesdomenet er det siste og avgjørende". Eg trur Kristoffersen hev rett i det, og endringane som lyt gjerast gjeld serskilt grunnskulen. Difor lyt norskfaget styrkjast radikalt. Og for skuld saki, med radikalt meiner eg det ordet radikalt tyder: at me lyt venda attende til røtene - millom anna til Ivar Aasen, og burt frå Språkrådet og NRK si normering.

Opera

Kvitaste marmor,
reinaste tonar,
prangande byggverk,
for høgaste C,
reisverket stig
i Vika,
gjenomsyra av Nivlungaguld.

Modern in style,
ancient in content,
based on riches,
almost obscene.

Alt medan folket,
tynest av skattar,
fatigdom aukar,
og sjuke blør.

Important it is,
to have something
to show for,
something that
glimmers
in the sun as it sets.

"Der er noget råttent
i Norriges rige",
når folk flest ikkje
vert vyrde som like.

Treng me vel slikt eit gudehus,
meir enn rettferd,
og menneskeverd?

Lars-Toralf Storstrand

Låk læreplan i norsk

Av Lars Bjarne Marøy

Det skal koma nye læreplanar i mange fag. Norskfaget i vidaregåande opplæring er serleg viktugt i so måte. Læreplanframlegget som no ligg fyre frå Utdaningsdepartementet er sterkt kritikkverdug frå eit målstandpunkt. Framlegget byggjer i høg grad på eit framlegg frå utdanningsdirektoratet. Dette framlegget låg fyre rett framfor ferien.

Framlegget frå utdanningsdirektoratet kunde kritiserast av ei rad årsaker. For det fyrste fall dei obligatoriske kravi/oppmodingane til å lesa visse namngjevne forfattarar eller verk burt. Det råkar utan tvil hardast for nynorskforfattarane sin part som treng å verta påhugsa og påminna for at folk skal koma på og verta nyfikne på å lesa deim.

For det andre, og det er det ålvorlege for nynorsken, vart faget utsett for eit samansurium av rot når det galdt nynorsken. Det viktugaste å gjeva gaum på var at karakteren i nynorsk fall burt fyre ein kom til tridjeklasse og at nynorsken vart trekkfag til eksamen.

For det tridje kunde planen finnast åt for at det ikkje gjekk tydelegare fram at det skal vera krav um skriftleg tame i bæe målformer for å uppnå ålmenn studiekompetanse. Det lyt gjelda utan umsyn til dei som uppnår studiekompetanse gjennom yrkesfagleg utdanningssprogram. For det fjerde vantar det ei understriking av kor viktug nynorskundervisningi skal vera i fyrsteklasse på ålmennfag. I læreplanen slik han er i dag er det talfest at nynorsken skal telja ein tridjedel ved karaktersetjing i fyrsteklasse i ålmennfagleg studieretning. Den talfestingi hev ikkje kome inn i det nye læreplanframlegget. Samstundes kom læreplanframlegget med ambisiøse mål um kva elevane skulde kunna av nynorskgrammatikk. Her vilde det verta mykje upp til den einskilde læraren å tolka kva som skulde til.

Stortinget gjorde det heilt klårt i 2004 at nynorsken skulde haldast uppe. Det er soleides heilt klårt at nynorsk-karakteren lyt verta standande i 2. klasse. Likevel laut mållagsleidaren, Steinulf Tungesvik, ganga hardt ut og krevja at dette vart stadfest av departementet. Riksskrivar Helge-Ole Bergesen i Utdaningsdepartementet sa i juni at departementet skulde greida upp i dette.

Bergens Tidende spurde riksskrivaren um sidemålskarakteren var inne i læreplanen

att. Då svara han at: " Det som kom frå direktoratet var berre eit utkast. Vi vil følgje opp det Stortinget har bestemt..." Læreplanane vart so fyrehavde i departementet, og arbeidet var ferdugt i august.

Det er verd å merka seg at karakteren i nynorsk i andreklasse, det vil segja VK2, hev kome innatt. Elles er læreplanen frå departementet mykje lik den som kom frå utdanningsdirktoratet. Det er all grunn til å meina at nynorsken burde ha kome betre ut or læreplanarbeidet enn han hev. Kristin Clemet vil ha styrkt dei grunnleggjande fagi i skulen. Det er godt, men det gjer ho ikkje med å fjerna kravi til å lesa klårt definerte og klassiske tekster i norskfaget. Det som i staden kann verta fylgja er at elevane les færre tekster og dårlegare tekster. For lærarane sin part vert det definitivt vandslegare å laga yversynsplanar for elevane og lærebokforfattarane kjem til å få stor makt til å definera inn og definera ut kva mål som skal tonast fram. Me fær vona at dei veit kva dei gjer og at dei hev eit klårt kulturpolitisk siktemål med lærebokutformingi, men det stend att å sjå.

Måli er ambisiøse, men likevel so runde at ein ikkje kann vera viss på at tolkingane vert gode nok. Ein kann ottast at fylgja vert meir vikt på samtidsforfattarar og at ein vil leggja vikt på stuttare tekster med klassisk litteratur.

Når RV-aren Aslak Sira Myre kann få store statlege tilskot til å driva foreiningi "Les" som agiterar hardt for at ein lytsatsa på spanande samtidslitteratur og då gjerne medrekna Harry Potter, helder enn det dei likar å kalla "den drepende keidsame klassiske litteraturen", då lyt det slå ein at noko er gale. Stend det so langt attende med lesetamen til norske ungdommar at dei ikkje lenger maktar å setja seg inn i meir enn det som fell deim beinast i augo frå glorute plakatar? Lat oss ikkje vera so pessimistiske.

Nett når Målmannen skal til prenting, hev utfallet av Stortingsvalet vorte klårt. Noregs Mållag hev store ventnader til at det kann verta betringar når det gjeld nynorsken. Det stend att å sjå. Kor som er er det vel lite truleg at dei nynorske klassikarane kjem innatt i læreplanen. Fast nynorskeksamen til artium er vel òg ambisiøst å vona på.

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

Dikt avlar rosor

Eg hadde slik fager ein draum i natt
I barneheimen eg fann meg att.
Der møtte eg mor, - eg kom ikkje paa,
ho longo sidan var falli fraa.
Ho smilande opna den kjende dør
For einaste son sin - og alt var som før.

Mi avlidne syster møtte meg òg,
ho som so nær inntil hjarta mitt laag,
ho som song med slik fager lød
og var so djuplynd og hjartegod.
Breidt yver døri hadde ho fest
ei borda som dekte veggene mest;
der hadde ho sytt med bokstavar store --
det skein meg i møte som helsing det orde:
"Dikt avlar rosor!"

Eg vakna upp, det var enno dimt,
men tydeleg saag eg ein kvervande skimt
og hørde ein tone vedkjømeleg varm
som endaa bylgjar meg søtt i barm:
"Dikt avlar rosor!"

Ukjend forfattar

Hugsa bladpengane!

Det er viktugaste innkomekjelda vår

Um landsnamnet "Norge"

Av Thoralf Bergwitz

Eg vil - med dette - minne um at eg tidlegare hev utarbeidd ei utgreiding um dette temaet - som vart teki inn i Morgenbladet - den 18.02.89. Det var ei imøtegang av eit langt bladstykkje som hadde stadi i det same bladet noko tidlegare.

Mi utgreiding fylde tvo heilsider i bladet som hadde eit mykje større format enn det som bladet kjem ut med i dag. Med grunnlag i at det vart gjort framlegg i Norsk Språkråd um å "likestille" namneformene "Norge" og "Noreg" i (ny)norsk skriftmål so tillet eg meg -- å utarbeida ein stuttversjon - og ein konklusjon - av eigne granskingar - som vart teken inn i bladet Dag og Tid.

Dette er no nokre år sidan, og temaet er stendigt like aktuelt, so eg vil tru at det er verd å minne um den rette samanhangen - ikkje minst fordi det var ein høgt vurd målvtvitskapsmann som lanserte den verste lygni som nokon gong er prestert um namnet på landet vårt.

Det eg siktar til er at storguruen i norsk målvtvitskap i si tid - professor Didrik Arup Seip - gjorde eit stort granskingarbeid med det fyremål å påvise at namneformi "Norge" "er utviklet på norsk grunn", men både professor Gustav Indrebø og serleg folkehøgskulemannen Jakob Naadland påviste at Seip tok i miss på ALLE punkter - både når det gjeld historiske "kjennsgjerningar" og språkvtvitskapleg grunnlag. Dessutan hev nyare gransking vist at Seip hev både lesi feil og - ikkje minst - misstolka det han hev lesi. Dei siste granskingane er gjorde av ein ættling etter Jakob Naadland - Vilhelm Naadland - og tekne inn i eit bladstykkje med yverskrift: "NOREG-NAMNET I TO HANDSKRIFTER FRÅ 1300-TALET" prenta i eit universitetsblad som eg ikkje hev namnet på her og no.

Det her nemnde bladstykkjet tek for seg eit lovhandskrift frå Uppsala "de la Garde nr.8 fol. Bl.1-57." Det gjeld det same lovhandskriftet som Seip - so byrg-meinte å konstatere i boki si "Omstridde spørsmål" 1952 s.112 - "Jeg kan nå opplyse at (formi Norges) er brukt i et norsk lovhandskrift, visstnok litt yngre 1300.som nå fins i Uppsala. Litt lenger nede - på side 113 - segjer han "Etter min mening kan det ikke være noen tvil om at formen Norge er utviklet på norsk grunn".

Den imøtegang av påstandet..frå Seip - som Vilhelm Naadland hev ført i

pennen - kunde vera forvitnelegt å draga fram att for ei større lesargruppe - men nett no trur eg det er meir aktuelt å taka fram att mi eigi utgreiding - i alle høve fyrst.

Namnet "Norge" er eit resultat av dansk villskrivning i seinmillomalderen og er unorsk i ætt og opphav og er i tillegg unorsk i uttale fordi det strir imot nedervde uttaleregjar som er livande i alle målføregruppur i heile landet den dag i dag. Namneformi "Norge" er faktisk det mest unorske ordet i norsk tungemål.

Korleis vart Norge-namnet til?

Eg vil med dette taka meg lov til å koma fram med ein teori som eg meiner å vera den fyrste som hev komi fram til, men som byggjer på granskingane åt Indrebø og Naadland.

Det hendte i dei dagar - det var på dronning Margretas tid - at dei innførde ein ny skrivemåte for bokstaven "i" i det danske skriftmålet. Årsaki til at dei gjorde det, er det ingen som tidlegare hev komi fram med (og difor heller ikkje tidlegare funni).

Den nye skrivemåten var innføring (i visse høve) av ein "g" (delvis "gh") for sagt "i". Dette fekk avgjerande verknad på skrivemåten av namnet på landet vårt, og dessutan på den nye skrivemåten av namnordet veg - som er vorten til vei. (Me ser her ein reverseing av det danskane gjorde på trettan hundre-talet som er ei like stor villfaring).

Eg vil her gjera greide for korleis det må ha gjengi til. Men eg vil fyrst minne um at namneformi Noreg (Noregr, Noregh, Noreger, Noregher) var nær eienerådande i skrift frå ikring 900-åri til ikring 1450. I talen hev Noreg-formi vore vanleg i norske bygdemål langt inn i vårt eigi hundradår - det nittande - i ymse uttaleformer, men er no mest trengt undan av "Norge" på grunn av det dominerande noregs-danske bokmålet.

Det som gjekk fyri seg med landsnamnet er det tydelege indikasjonar på i saga, og som denne utgreidingi byggjer på.

Burtfall av endings-r

Etter burtfall av endings-r-en i NOREGR - som seinare vart til NOREGER - der ein hjelpevokal (e) mellom g og r var komen inn for å lette uttalen - heldt danskane fast på denne

hjelpevokalen i enden av ordet.

Svarabaktivokalen

Med andre ord - denne hjelpevokalen - som millom lingvistar vert kalla "svarabaktivokal" - den heldt danskane fast på i landsnamnet NOREG - som frå fyrst av - vart "NOREGGE".

Men danskane gjorde *endå ei missfaring*.

Dei missuppfatta òg tydingen av namnet. Dei trudde namnet skulde tyde NORD-RIKET - riket i nord - jamført med SVEA-RIKET. (Det eldste namnet som me veit um er "Nordweg"). Difor vart NOREGGE til NORIGE for det danske folket.

Rett nok vanta det både ein d, ein r og ein t for å få det "fullkomne" namnet - NORD-RIGET, men ein rimelegare forklåring på ovringen er enno ikkje funnen, det eg veit av.

Når so danskane fann på å skrive g for sagt i - (i slutten av 1300-åri) - so vart det i ordet "NORIGE" (feil-)uppfata som tvo i-ar ved sida av einannan. Det vart etter kvart - ved rasjonalisering - ein i for mykje.

No var det so at den nye i-en - skriven som ein g - den var komen frå kongehuset - og difor hadde prestisjen. Når dei so fann på å kutte ut den eine av - det dei trudde var tvo i-ar - so var det sjølvsagt at den "moderne" i-en - dvs. den g-en som dei trudde var ein i - vart standande som ein i. Soleis fekk me - nettopp frå danskane - skriftbilætet NORGE. Men DAN-SKANE - dei må heile tidi - heilt upp til vår tid ha sagt NOR-I-E - jamfør uttalen "sver-i-e" for "SVERIGE". Mange døme i gamle skriv - syner at det er tilfelle Danskane segjer i dag "når'e" med lett tonetyngd på siste boktaven - noko som sansvarar med uttaleregelen for endevokalen når han er ein svarabaktivokal - medan når nordmenn - enno i dag - segjer "nørre" so er det lik tonetyngd på dei tvo stavingane - dvs. tvostavings tonelag som i "noreg". (At denne segjemåten av "nårre" vart registrert på Jylland - av Hans Hysten, Sauda - so seint som i 1939 er forvitneleg).

Det er sume målkunnige som meiner at endings-e-en i "Norge" kjem frå den gamle dativtformi "Noreghe", men då måtte vel uttalen frå fyrste stund ha vori "noreje" eller "norije" dvs. tristavingsord som kunde ha vorti til "norje" - med tvostavingstonelag. Då hadde me aldri

fengje den harde g-en i namnet - i alle fall ikkje dersom me i det heile skal kunne tala um "utvikling" - som i røyndi vilde vera eit resultat av slurvetale, men som av fagfolk vert kalla "synkope" . Eg trur at danskane kjende skilnaden på nemneform og dativform av noreg-namnet. Og etter som andrestavingen enno i dag er tonelett for danskane, so må ein tru at det er svarabaktivokalen som heng att i dansk uttale av namnet. Danskane hev elles - meiner eg - ein uhørbar hard g i uttalen - noko som stemmer med norsk uttale av svarabakti-vokalen - der han enno heng att i nokre fåe bygdemål som i "hest'e", "tagg'e", "stygge'e" - dvs. med hard g - og tonelett.

Den vanlege norske uttalen av "norge" hev tvostavings tonelag (når g-en er hard) - og soleis i samsvar med "nordveg" og "noreg", men umbyttet av dei siste tvo bokstavane er - som me ser - heilt utan meining - og heilt i utakt med all norsk tale elles.

I den bygdenorske (og den svenske) uttalen av "norge" (nòr'je) er sistestavingen tonelett - dvs. ordet hev einstavings tonelag. Det tyder på at endevokalen er oppfatta som ein svarabakti-vokal. Men dersom det skulde vera svarabaktivokal-uttale so måtte g-en vera hard!

Som me ser - ingen ting stemmer med norske uttalereglar som hev fylgt talemålet frå dei eldste tider upp til i dag.

Verknaden ved innføring av g for ein sagd i

Når det so gjeld den innførde g-en for sagd i i det danske skriftmålet i slutten av 1300-åri - vil eg minne um at me i det daglege talemålet for den bokmålspåverka talen - i vårt eigi land - finn ei mengd leivningar etter den "nye" skrivemåten for ein sagd "i" - og dessutan - ein i-uttale for ein skriven g. Tenk berre på ordi TEGNING, REGNING, REGN ("rein"), MEG, DEG og SEG der g-en vert sagd i. Dernest finn me i mange ord ein hard g (eller k) i talen for ein upphaveleg "i". Det gjeld ord som velge og selge som i fortidsformene vert valkt(e) og solkt(e). Me kallar denne g-en for ein "falsk" g fordi han - som sagt - er ein upphaveleg "i". som i velie og selie. I mange norske målføri er i-en enno livs levande dvs. som ein j - som i velje og selje. Me ser her at den dansk-norske villfaringen - med g og i - er vorten fullkomen.

Nordmenn i førande posisjonar

Og når so nordmenn tok til å lære dansk



Kva heiter landet vårt?

tale etter bok, so visste dei ikkje at g-en i NORGE var ein i slik som danskane hadde nytta han (og som sagt alltid hev gjort). Dei trudde at han var ein verkeleg g - som det upphaveleg òg var, med ein annan plassering i ordet enn den som no "utviklet seg". Den g-en som det her er tale um - det er den som høyrer heime i slutten av ordet Nordveg. For det er synberert at dei nordmenn - og det er ingen tvil um at dette var nordmenn i kongeleg teneste - dei "førande" i samfunnet - som tok i bruk den nye skrivemåten - dei "fann upp" ein ny uttaleregul for dette namnet. Dei kann ikkje ha kjent til - eller ikkje tekje omsyn til - den velkjende uttaleregelen i norsk tungemål - med ein mjuk g fyr i ein vanleg e. Og med tvostavings tonelag for "norge" praktisk talt alltid hev - i norsk tale i dag, so er det ingen tvil um at e-en vert oppfatta som ein vanleg e. Og trass i at ein uttaleform med hard g framfor ein vanleg e ikkje er i samsvar med norske uttalereglar - han er eit framandelement i norsk talemål. g-en framfor ein vanleg e, er alltid palatal - ie eller je - når han kjem fyrst ordet - og for dei fleste ordi når han kjem i slutten av ordet - serleg med ein r fyr (-rge som vert til rje) - so var det dette missfoster av ei skriveform og ei uttaleform som fekk yvertaket. Og det trass i at den vanlege norske kvinne og mann sa NORJE - for det skrivne NORGE. Denne uttaleformi av landsnamnet er livs livande i nokre bygdemål enno i dag - og i Sverige.

Eg vil her minne um at trass i at den gamle uttaleregelen - med mjuk g - dvs. j

- framfor ein vanleg e - vert lite påakta av norsklærarar i dag, so finn me han likevel i vanlege ord som "ferge" og "gerde" (som no jamvel vert skrivne "ferje" og "gjerde"(jære). Og jamvel i ord der endings-e-en ikkje finst - so finn me j for skriven g. Døme: TØNSBERG, BERGSÅSEN (i Ramnes i Vestfold) og BERGSBYGDA (i Eidanger) der uttalen er "Tønsbærr", "bærsåsen" og "bærsbøgda". Det er j-uttalen av den skrivne g-en som ikkje vert høyrande i talen. (Årsak: BERGET heiter BÆRJET i den norske talen - endåtil i Vestfold).

Eg vil difor taka upp att at namneformi "norge" er heilt i utakt med norske uttalereglar i dag - fordi at endings-e-en - som er ein svarabakti-vokal - den skal vera tonelett slik som i "hus'e(t)", i nes'et og i "Nòr'je" dersom han skal fylje norsk uttaleregul. Det gjerer han ikkje i den "norsk-danske" uttalen av "norge".

Dessutan so er svarabaktivokalen i namnord fallen burt i all norsk tale - burtsett frå i nokre fåe av bygdemålføri. Med andre ord - namneformi "Norge" er det einaste namnordet i det norske tungemålet - medrekna i det norsk-danske talemålet - der svarabakti-e-en "heng att" (dvs. påtrengd) i alle målføri - påførd av bokmåls-talen. Og etter som han slett ikkje vert sagd - ikkje vert uttala - som ein svarabaktivokal (ikkje tonelett) so er namneformi "Norge" soleis - som no påvist - det aller mest unorske ordet i det norske vokabularet - noregs-dansken medrekna.

Eit stutt innblikk i livet og tenesta til Petter Dass

Av Lars-Toralf Storstrand

Innleiing

Det er neppe å yverdriva når ein segjer at alle nordmennar kjenner Petter Dass. Kann henda ikkje i detalj, men dei aller fleste veit i minsto at han var prest og at han var sterkt knytt til Nord-Noreg. Dei fleste, jamvel dei som ikkje hev pugga salmevers på skulen, koplar honom nok lett til det som for etter-tidi stend som den mest kjende salmen hans: "Herre Gud, ditt dyre navn og ære!" Tvo spursmål steller seg nokso snøgt for dei som er meir nyfikne på mannen: Kven var i grunnen denne gåtefulle presten frå Nord-Noreg? Og kvifor nytta han songen på den måten han gjorde?

Frihed, lethed og fylde

Dass var fødd og oppvaksen i hjarta av den perioden me kallar barokken, og han vert rekna for ein barokk-diktar, men i vår moderne tid finst det jamt fleire som meiner at Petter Dass ikkje var serleg barokk. Grunngjevingi deira er at det rett nok finst barokke stildrag i diktingi hans, men at avviki var større enn likskapane. Det siste var truleg ei av dei viktugaste årsakene til at han ikkje fekk uppliva umfemmande aksept millom litteraturkritikarane den gongen.

Parallellane til vår eigi tid er store, for folk flest lika diktingi åt Dass. Serskilt gjeld dette Nord-Noreg, der versi åt den folkekjære presten vart pugga til ein kunde deim utanboks. Jamfører ein responsen på diktingi hans Petter Dass med vår eigi tid er det mest nærliggjande å draga fram filmkritikk, der majoriteten av filmkritikarane rosar "filmkunsten" upp i skyene - men for det meste ser heilt burt frå dei meir folkelege filmene som dreg folk til kinoane.

Kann ein so verja eit sovore standpunkt på empirisk grunnlag? Slik eg ser det, lyt svaret verta eit eintydelegt ja. Serdragi i barokken var servorne, ja, so "barokke" at ein i vår tid for det meste hev gløymt deim som stod attum deim. Jamvel dei mest framståande norske/danske diktarane innan barokken, Anders Bording og Thomas Kingo er mest heilt gløymde. Det er helst berre i høgkyrkjelege krinsar og innan kyrkjemusikalske og historiske krinsar desse vert nemnde. Sistnemnde vert sjeldan hugsa utyver den kyrkjelege rømdi. Det same gjeld Dorothea Engelbretsdatter, som mest berre vert hugsa for brevbyttet med Petter Dass.

I boki "Nordlands Trompet"(1) skriv Nils M. Knutsen: "Nei, Petter Dass visste nok godt at han med sin kunst ikke



ville treffe "de Kloge", samtidens smaksdommere. Om han hadde villet, så kunne han kanskje ha forsøkt å treffe dem, for om han ikke var opplært på fransk, så var han i alle fall opplært på latin, han liksom alle andre embetsmenn i samtiden. Men saken er at han ville ikke. Hilsningsdiktet er nemlig også et protestdikt, en protest mot samtidslitteraturens dyrkning av fremmed, lærd og abstrakt skrivemåte, og en protest mot forfatterens neglisjering av det alminnelige publikum."

Petter Dass neitta also å fylgja den litterære smaken frå samtidi. Det fekk han svida for. Nordlands Trompet vart liggjande upublisert i 40 år og etter det gjekk det 100 år fyre "de Kloge" tok til å skyna kor mykje boki var verd, både som kunst og som læremiddel. Men dei ulærde bøndene og fiskarane - og dessutan embetsbrørne åt diktarpresten i nord - skyna kva verde verket hadde heilt frå byrjingi. (2)

Ein bør naturleg nok taka omsyn til utsegnen frå Johann Sebastian Welhaven (3) når det galdt skilnadene millom på den eine sida Dass og på hi sida Anders Bording og Thomas Kingo. Han meinte at diktingi til Dass hadde ein atterklang av "Frihed, Lethed og Fylde", samstundes som han stempla diktingi åt Anders Bording og Thomas Kingo som "tomme og kalde rimerier."

Fylgjande kraftsats fra ei samrøda millom ein norsklærer og ein elev høver godt inn her:

Eleven: Kann du skriva dikt?

Læraren: Nei, eg kann berre rima, eg.

Nett det sitatet frå Welhaven vil truleg dei fleste som tek seg tid til å lesa diktingi hans Petter Dass i vår tid segja seg samde i. Jamvel um språket nok er meir

høgtidelegt og andektig og hev ein stor munstemning i seg, jamført med moderne salmedikting som "Måne og Sol" (4):

*Måne og sol, vindar og hav
Og blomar og born, skapte vår Gud
Himmel og jord, allting er Hans,
Herren vår Gud vil me takka.*

Og frå Petter Dass:

*GUD er GUD, om alle Land laa øde
GUD er GUD, om alle Mand var døde,
Om Folk forsvimler, i Herrens Himler
Utallig Vrimler, som slaar på Cimler
Hin Søde*

For den som er kjend med diktingi hans Petter Dass er det ikkje vandt å sjå at det er same åndi som ligg attum desse tvo - so like, og likevel so ulike salmane.

Persona non grata

Den livssoga hans Petter Dass ovrar seg slik (5):

1630:

Peter Pitterson Dondas kjem til Bergen, frå Dundee i Skotland.

1646:

Dondas gifter seg med dotter åt fogden i Helgeland, Maren Falch.

1647:

Petter Dass vert fødd på Herøy.

1653:

Peter Pitterson Dondas døyr. Petter vert sett burt til syster åt mor hans i prestegarden på Nærøy, og seinare til sorenskrivaren Jesper Hanssøn. Han fær gå på skule saman med syskenbarnet sitt, Peter Jespersen.

1660:

Petter Dass kjem til Bergen, der syster åt far hans tek honom i kosten, medan han gjeng på latinskule.

1666:

Immatrikulert ved Universitetet i København.

1669:

Vender attende til Helgeland som huslærer hjå presten Jakob Wirthmand i Vefsn.

1673:

Vert utnemnd til personellkapellan i Nesna hjå presten Dinclow. Trulovar seg med, set barn på, og lyt "be Kongen om tilstand" til å gifta seg med Margrethe Andersdatter. Ho føder ein son, som vert verande ukjend.

1674:

Petter Dass og Margrethe Andersdatter gifter seg, og sonen Lars vert fødd same år.

1675:

Sonen Anders vert fødd.

1678:

Wirthmand døyr. Petter Dass vonar på forfremjing, men vert ikkje teken omsyn til.

1680:

Skriv sitt fyrste brev til Dorothea Engelbretsdotter.

1683:

Petter Dass vert utnemnd til residerande kapellan i Nesna. Den Norske Daleviise vert prenta.

1688:

Sonen Lars døyr i Bergen, eller på ferd frå Bergen til Alstahaug.

1689:

Utnemnd til sokneprest til Alstadhoug Sogn.

1690:

Beinbrot, plåga av nyrestein.

1692:

Forliser på Stadhavet. Taper jekt og gods.

1704:

Yverlet, grunna dårleg helsa, embetet til sonen, Anders.

1707:

Petter Dass døyr på seinsumaren.

1739:

"Nordlands Trompet" kjem ut.

På mange måtar kann ein segja at Dass var ein slags "persona non grata" i hopehav med andre lærde og velstående, noko som kann ha vore slitsamt nok for honom og huslyden hans. Men kva gjorde vel det i lengdi, når ein tek med i reknestykket at Dass var elska av folket, i so stor mun at dei lærde brorparten av salmane hans utanboks?

Berre det at han sette born på Margrethe Andersdatter og laut reisa til København for å beda kongen um tilgjeving og løyve til å gifta seg med henne syner at han - til liks med folk flest - var eit menneske som kunde gjera feil. Kann henda var dette ei av årsakene til at han vart godteken millom folk flest. Det kann millom anna sjå ut som um nokre av eskapadane førde til at dei i 1678 ikkje vilde forfremja honom i prestegjeringi. Det at det fyrste diktverket hans nokosinne heitte "Venerii Trompete" og handla um den romerske økslingsgudinna Venus, syner at mange kann henda hev eit urett bilæte av at det skulde vera ein høg moralsk standard i samtidi.

Når det gjeld samtidi, som me kallar barokken (1650-1700), fanst det ein sterkt sermerkt stil i diktingi. Ein kann segja det slik at oppgåva åt diktaren var å hylla Gud og hans avløyser (stedfortreder) på jordi; kongen. Hovudtyngdi av diktingi

var då ogso av sakral og religiøs art. Dass gjekk likevel ut yver desse grensone, serleg i breiddi, der han nytta dikti og salmane sine til undervisning av ålmugen. Serskilt gjeld det diktverket "Norske Katekismesange", der han på folkeleg vis forklarar heile Martin Luthers vesle katekisme på verseform.

Serdrag ved barokken

Barokken er sermerkt av etter måten mange fråbrigde. Innanfor barokken vert det nytta sterke bilæte, gjerne med kontrastar. Det kann vera ord som himmel og helvite. Jordi vert skildra som ein jammerdal, medan det himmelske livet fær positive karakteristikkar. Ulike strofar vert tekne oppatt og yverdrivingane er med på å vekkja lesaren. Diktaren appellerar til lesaren gjennom å nytta mange adjektiv, ropeteikn og imperativ.

Av desse serdragi er dei kontrastfylde bilæti og bruken av motsetnader langt på veg det viktugaste å gjeva gaum på, men det var òg svært vanleg at ein nytta ropeteikn og imperativ i innleiingi til eit dikt. Eit godt døme på dette er Petter Dass sitt eige dikt med forklaring til den andre bøni i Fadervår, som byrjar med nett dette utropt:

HErre GUD! Dit dyre Navn og ære!

I analysar av dei einskilde dikti kann ein ettervisa kva for serdrag som høyrer barokken til. Det er ei rådande mistyding at måten Dass nyttar HErren og GUD på kjem inn under kategorien "hyperbol". Det er truleg ikkje rett, men speglar heller att den karakteren og standpunktet han hadde når det gjeld (1) Guds æra og (2) undervisningi av folket. Dette var rett og slett ein vanleg skrivemåte for å framhevja korleides ordi skulde uttalast med trykk på rett stad.

Diktingi

Når det gjeld sjølve diktingi, syner ho tydeleg kva som stod sentralt i livet hans. Lat oss fyrst sjå litt nærare på dei ulike diktverki.

Nordlands Trompet er utan tvil det mest umfemnande og avgjerande diktverket til Petter Dass. Dette lærediktet som han sjølv kallar "beskrivelse over Nordlands Amt i Trondhjems stift ... i vers forfattet" (6) gjev sterke skildringar frå Nordland - geografien, horisonten, elementi og årstidene, fuglar, dyr, land, landbruk, fjelli, samefolket, bilæte frå Helgeland, Salten, Lofoten, Vesterålen, Senja og Troms. Nord-

lands Trompet held på den same stilen heile diktet igjennom:

Innleiingi syner oss at Petter Dass uumtvisteleg må ha vore ein nitid granskar, vel so mykje som han var skribent. Han yverlet inkje til fantasien. Her vert dei nemnde, kvar og ein som diktet gjeld. Her påkaller han ikkje berre styresmaktene og det gode selskap, men vender seg til ålmenta. "Verten, Svendene. Bønderne, Fiskebrugerne, Geistligheden, Prælatene, øvrigheden, Leylendingen, Huus-mændene, Odelsmændene, Strand-sidderne, Udliggerne (Kaupmänner frå Trondheim, min merknad), Kræmmere, Qvindene, Matronene, Hustruer, Madamer og Ugifte Piger."

Under millomyverskrifti "Svømmende Dyr i det Nordlandske hav", ser me realisten Petter Dass stige fram på ein sereigen måte.

*Velsigne os fattige Folk her i Land
Med dine Velsignelser søde!
Skuld' Torsken os feyle, hvad havde vi da,
Hvad skulle vi føre til Bergen herfra?
Da seyled' vist Jægterne tomme.
Hvad have vi andet, her bygger og boer,
End søge vor Føde med Angel og Snor
Og pløye de Bølge hin gromme?
Og skulle du HErre forkorte din Hand,
At stænge Skrei-Torsken og Fisken fra
Land,*

*Da lagdes vi hastelig øde.
Vi har ey at lide paa Most eller Viin,
Her findes ey heller Sølv-Blergene fiin,
Os mangler Guld-Gruven den røde.
Vort Land er ey heller et Canaan sød,
Hvor Marken med Melk og med Honning
omflød*

*Her findes ey Druer at plukke;
Ney! Fisken i Vandet, det er vores Brød,
Og miste vi hannern, da lide vi Nød,
Og jammerlig nødes at sukke*

Det finst eit vidgjete sitat som er tilskrive fyrste presidenten i staten Israel, Chaim Weizmann. Det kunde, sett i ljøs av dei ovanstående linone frå Nordlands Trompet, like godt vore sagt av Petter Dass, og lyder:

I Israel er me realistar. Difor trur me på mirakel.(7)

Dersom me tenkjer oss at Petter Dass sagde det same, vore det kann henda:

I Nordland er me realistar. Difor trur me på GUD.

Han målar ut eit bilæte med breid pensel som syner at fordi folket er fatigt, so treng dei serskilt Guds velsigning. Her finst ikkje noko anna. Torsken er det som alt stend og fell med. Feilar fisket eit år, gjeng jektone tome til Bergen, og vender heim att utan poteter og andre "sydfrukter". Det finst ikkje noko slikt her nord, og Nordland er helder ikkje eit Kana'ansland som i bibelsk lovnadsforstand flyt med mjølk og honning.

Fa'en sjøl...

...segjer segni, var ved eit høve skysskar for Petter Dass. Soga som vert fortald um Alstahaugpresten syner at han tydeleg vart vurdert som langt mer folkeleg enn det som var vanleg for geistlege flest. For prestar skulde då ikkje eiga svarteboki, slik det vart sagt at Dass gjorde. Men di meir heldt han seg til vens med Vårherre. Han var ein dugande preikar og gjetordi nådde like til kongen i København.

Kvar og når segni hev dukka upp er ikkje godt å segja, men det er ikkje sannsynleg at ho hev slege rot fyrr etter at Dass gjekk burt. Det tykkjest vera eit samlande drag når det gjeld segner, at soga gjeng i gløymeboki, fyre ho vert segn og dinæst myte. Men dersom me for skuld argumentet likevel skulde gå ut frå at segni hev vorte til medan han levde, hadde det truleg vorte teke for å vera sant - og kunde ha medført at han, endå han var prest, hadde vorte brend på bålet eller avretta på onnor vis.

Katechismus-sange

Frå sakral ståstad var nok Katechismus-Sange den viktugaste luten av skribenttenesta hans Petter Dass. Men det er lite truleg at Dass sjølv sette eit sovore skilje, for dette er noko som høyrer til seinare historie, og serskilt knytt til teologien. Diktingi til Petter Dass i Nordlands Trompet og Den Norske Daleviise, speglar på serleg vis av trui hans på Pauli ord um at:

"..For me veit at all skapningen sukker saman og lid sår verk saman alt til no;..."
(8)

Dette er ei jødisk syn som vart haldi uppe i oldkyrkja, men som vart burte med kvart som teologien vart hellenisert, og serskilt vart tynt av den romersk-katolske kyrkja. Den keltiske kyrkja derimot, sette sovoren kunnskap og tanke høgt, og det er ikkje umogleg at Dass, um me tek farsarvi hans med i reknestykket, kann ha henta inngjevnad frå denne trudomsretningi. I det heile var songen i stor mun eit verkemiddel i

undervisningi både innan jødedomen og i den keltiske kyrkja. Den keltiske kyrkja, hadde sitt opphav i ei kløyving i den eldgamle druiderørsla - etter at evangeliet vart presentert for druidane.

Samlingi Katechismus-sange vart skrivi i 1698, eit snaudt tiår fyre Petter Dass døydde. Ho vart diverre ikkje prenta fyre det var gjenge mest ti år til. Songane vart i beste Luther-stil skrivne til kjende melodiar (Reformatoren Martin Luther sjølv nytta mange drikkevisor til salmane sine), noko som gjorde at folk lett kunde syngja deim - og læra deim.

Den mest kjende av salmane i Katechismus-sange er utan tvil HERre GUD, dit dyre Navn og ære, opphavleg kalla "den anden sang" då han er ei utgreiding av den andre bøni i Fadervår, som i seg sjølv lyder: Heliget Vorde dit Navn.

Einast tri av dei sekstan strofone i salmen er tekne med i den kyrkjelege salmeboki (1,5 og 8), noko som longo hev vore syrgd yver millom dei musikalske kreftene i den norske kyrkja. (9)

*(1) HERre GUD! Dit dyre Navn og Ære
Over Verden høyt i Savn maa være,
Og alle Sjæle, og alle Træle
Og hver Geselle de skal fortælle
Din Ære*

*(4)Ja, før GUD sin Ære skal Forliise.
Før skal Hav og grummen Hval Ham prise,
Samt og Tanteyen, Som løber Leyen
Steenbid og Seyen og Torsk og Skreyen
Og Nise.*

*(5) GUD er GUD, om alle Land laa øde
GUD er GUD, om alle Mand var døde,
Om Folk forsvimler; i Herrens Himler
Utallig Vrimler; som slaar på Cimler
Hin Søde*

*(8) Høien Hall og Dyben Dal skal vige,
Jord og Himmel falde skal tillige,
Hvert Bjerg, og Tinde skal slet forsvinde
Men Herrens Minde til tusind sinde
Skal stige*

*(9) Vil de gamle være stiv' og sove,
da skal i moders liv GUD love;
de halte, lamme, mælløse, stamme
gjør og det samme, de gromme, gramme
og grove.*

*(10) Når jeg meg fra topp til fot betrakter;
ingen lem på meg for god jeg akter,
var de så smukke som silkedukke,
de skal jo bukke med ydmyk' sukke*

og fakter

I sitatet ovanfor hev eg teke med tri ekstra vers, av di desse tri ekstra versi segjer oss noko um Petter Dass som person. Dei vitnar tydeleg um at han var ein 'tilbeder,' ikkje berre ein kunnskapsrik teolog og prest - men ein som levde det han sjølv forkynte - og var uppteken av ikkje berre å bringa evangeliet ut, men ogso kunnskap. Petter Dass visste at utan grunnleggjande kunnskap vilde dei evangeliske frøi falla "daude og maktlause til jordi". Difor var det viktugt for honom å få fram at (strofe 4) Gud ikkje slepper ned æra si, jamvel um menneske (strofe 3) skulde vera "så slemme ... og glemme". Um dette likevel skulde henda, so skal steinar og turre bein ropa ut Guds allmakt og forkynna Hans heilagdom saman med havet, kvalen, spekkhoggaren (tanteyen), steinbiten, seiden, torsken og skreien - og nisa. Dette er ogso tilvisingar til Salmane i bibelen, nærare spesifisert Salme 96: 11-12

*Himmelen glede seg, og jordi fagne seg,
havet dure og alt som i det er! Marki frygde
seg og alt det som på marki er! Då fegnast
alle tre i skogen (10).*

Og 98: 5-9, der det stend skrive:

*Syng lov for Herren med citar, med citar og
med lovsongs røyst, med lurar og basun-
klang! Ropa med frygd for kongen, Herren!
Havet dure og alt som i det er, heimen og
alle som i heimen bur! Elvane klappe i hen-
der, fjelli fagne seg alle saman for Herrens
åsyn, for han kjem og vil døma jordi; han
skal døma jordriket med rettferd og folki
med rettvisa (11).*

Dass viser ogso at han hev ei kritisk sida mot det laissez-faire-huglaget som rådde i samti (og notidi) der folk er konservative for skuld konservatismen (strofe 9), og understrikar at i slike høve skal jamvel ufødde born lova Gud, saman med halte, lame, stumme og stamme, ja - endå dei som ikkje vert rekna med i det gode selskap (dei grumme, gramme og grove).

I strofe 10 syner Petter Dass jamvel pietistiske trekk, endå dette er ein kyrkjehistorisk periode som vert innleidd halvannan mannsalder etter at Petter Dass døydde. Her held han fram at han ser på seg sjølv som eit syndigt menneske, uten nokon fyremun i seg sjølv, samstundes som han understrikar at jamvel um han var fullkomen og fager, so laut han då bøygja seg for Herren Gud.

Bodordi

Eit anna serdrag i diktingi hans Petter Dass kjem til synes når han skal gjera greida for bodordi. Me skal her ikkje sitera lange strofor frå desse dikti/songane, men nemna deim stykkevis og delt.

Ovanfor såg me at Dass sjølv tidleg var uppteken av kjærleiks- og økslingsgudinna Venus, noko som kom til uttrykk i skriftet Venerii Trompet (12) som han skreiv medan han gjekk på latinskulen i Bergen. Han gjekk sjølv "yver striken" etter den moralske mælestaven dei hadde den gongen og sette born på ho som vart kona hans, noko han laut beda kongen um tilgjeving for. (13) Han var soleides ikkje framand med sjølv å brjota bodordi - og få tilgjeving, og kunde difor i beste lutherske stil skriva som en autoritet i soverne saker. (14)

I utgreidingi og forklåringi av det sette bodordet, med undertitelen: "Du skal ikke bedrive Hoer" tek Petter Dass fyre seg litt av kvart, i sterke fargar og med breid pensel. Millom dei lovbroti han tek upp finst prostitusjon, utruskap, blodskam, "Bestialitet", kynssjukdomar, utukt, valdtekt, "Sodomi" (homofili), masturbasjon, skamløysa, ja endåtil grove vitsar. Han understrikar likevel at slikt med kann ein få tilgjeving for hjå Gud, jamvel um menneske med serskilt kristelegt huglag skulde meina noko anna.

I utgreidingi av det fjerde bodordet, som hev undertitelen *Du skalt hædre og ære din Fader og din moder, saa det gaaer deg vel og du faar leve længe i Landet*, fær me tokken av at Petter Dass meiner bodordi meir er for gode råd å rekna enn som absolutte kommandoar. Dette kjem millom anna fram i bruken av ordet "bør" attåt ordet "skal". Han skil ogso millom deim som er "blandt Kirkens Lemmer" og dei hine som ikkje er det.

Konklusjon

Utfrå det som stend ovanfyre kann me slutta at Petter Dass i høgste grad var ein person å rekna med, både som prest, teolog, lærar, far, skribent og diktar. Han var dessutan ein folkeleg mann, med eit folkelegt lynne, og truleg meir sorglaus enn ein kan få tokke av i dei teikningane som gjev att dei ytre dragi hans.

Det er likt til at han var glad i god mat. Like fullt var han ein nøgsam og ein einfeld personlegdom - som ikkje levde overdådig - medan sokneborni leid naud.

Samstundes kann me understrika at han var sterkt truande, uppteken av å hevja fram at han trudde det Bibelen lærde, til minste tøddel, og ikke berre tenestgjorde med lippone. Til sjuande og sist var Petter Dass, sokneprest til Alstahaug, ein protest-songar og diktar, som sette alle menneske like for Gud, anten dei var embetsfolk eller

ålmuge.

Bokstyd

- (1) Nordlands Trompet, J.M. Stenersens forlag, 1989
- (2) Ibid.
- (3) Frå artikkel um Petter Dass funnen på internet, ukreditert.
- (4) Norsk Salmebok, 943:
T Britt G. Hallqvist 1973, O Arve Brunvoll 1977, M Egil Hovland 1974
- (5) Nordlands Trompet, J.M. Stenersens Forlag, 1989 og dessutan kronologi frå ukreditert artikkel på internett, Op. Cit.
- (6) Nordlands Trompet, Op. Cit.
- (7) Sitert i Poul Borchsenius: Sol, Stå Stille, A/S Lunde & Co.s Forlag, Bergen 1951
- (8) Rom 8:22, umsetjing: Indrebøbibelen av 1938
- (9) Sitert frå "Om alle Land laa øde", Lars Roar Langslet, Dreyer Forlag 1984
- (10) Salme 96:11-12, Ibid
- (11) Salme 98:5-9, Ibid
- (12) Sitert frå "Om alle Land laa øde", Lars Roar Langslet, Dreyer Forlag 1984
- (13) Op. cit.
- (14) Frå Luthers bordtalar: "I morgen skal jeg tale om Noahs drukkenskap. Derfor må jeg i kveld drikke kraftig, så jeg kan tale som en ekspert i slike saker."

Årsmøte i Ivar Aasen-sambandet av 2004

Av Olav Torheim

I Vestmannen nr. 4 2005 les me at Ivar Aasen-sambandet av 2004 hev halde årsmøte i Bergen 27. august 2005. Upptaksmennene attum Ivar Aasen-sambandet av 2004 er folk som neittar å godtaka at Ivar Aasen-sambandet av 1965 faktisk vart lovleg nedlagt på årsmøtet 17. april 2004. Vestmannen fortel at "[d]en unge formannen (Sergej Munkvold, min merknad) og styret hans hadde lagt attum seg eit arbeidsår der mykje tid hadde gjenge med til å få laget på fote att etter ufreden og freistnadene på å leggja ned heile samskipnaden". Det vert ikkje sagt noko um laget hev havt andre aktivitetar det seinste året, men det vert fortalt at formannen i laget hadde havt innlegg på sumarlægret åt Norsk Målungdom i Marstrand, og "slik han såg det, hadde innlegget hans - og samrøda etterpå - gjort fleire unge målfolk interesserte i arbeidet åt Aasen-sambandet".

Det interessante er vel å arbeida for å fremja målsaki, ikkje kva for ein samskipnad ein hev. Ingen vilde ha protestert på

at Ivar Aasen-sambandet vart uppattskipa, men for Sergej Munkvold og nokre til, er det avgjerande viktugt å hævda at dei er den same samskipnaden som vart skipa i 1965. I realiteten er Sambandet nedlagt på lovleg måte.

Det møtet som valde Munkvold til formann var innkalla av eit mindretal i styret etter at fleirtalet i styret hadde halde styremøte og vedteke årsmøteinnkalling med mindretalet til stades. Ingen hev sagt at innkallingi var ulovleg eller ugild. Mindretalet godtok ikkje fleirtalet og gjorde som dei sjølve vilde. Etter at mindretalet i styret kalla inn til det møtet som valde Munkvold til formann, hev han arbeidt ihuga for å få Brunnøysundregisteret til å slå fast at det formelt sett er det gamle Ivar Aasen-sambandet som held fram, men registeret kann ikkje og vil ikkje yverprova realitetane i saki. Dette hev i røyndi vore mest det einaste arbeidet hans.

Kva styret i Ivar Aasen-sambandet hev tenkt å gjera vidare, stend det lite

um, men "både årsmelding og arbeidsprogram var vitnemål um sterk vilje til å byggja laget upp att og gjera gagns målreisingsarbeid på høgnorsk grunn". Det vart dessutan gjort nokre brigde i vedtektene "som i hovudsak hev til fyremål å hindra kuppmakeri i framtidi".

På slutten av 90-talet og byrjingi av 2000-talet markerte Ivar Aasen-sambandet seg sterkt med lagsbyggjing, utspel i media og årvisse konferansetilskiping (den fyrste i Bergen i 1996 og den siste i Oslo i 2003). Dersom ein reknar Ivar Aasen-sambandet av 2004 som eit seriøst framhald av Ivar Aasen-sambandet av 1965, lyt ein soleis konstatera at arbeidsbolken 2004-2005 var det året det hende aller minst i høgnorsk rørsla. Truleg må ein attende til 1994 - då Jon Askeland gjekk av som formann i laget - for å finna tilsvarande skort på aktivitet.

Det lukkast diverre ikkje for Målmannen å koma i kontakt med Sergej Munkvold for nærare kommentar.

Noko om Erling Kristvik og tenkjinga hans

Av Åsmund Strømnes

Innleiing

Eg er vorten beden om å kome til oppvekstbygda mi og seie noko til møte-lyden om pedagogen Erling Kristvik som levde og arbeidde i Volda i 41 år, og som i 23 av dei tente til levebrødet her. Det hev eg takka ja til, sidan eg møtte Kristvik på nært hald i barndomen og i ungdomsåra, og seinare las lærebøkene hans på lærarskulen, men serleg av di eg i skikkeleg vaksen alder kom til å verdsetje høgt den veldige tankekrafta, den store skaparevna og det uvanleg sterke og faste sjølvstendet han synte.

Innleidingsvis minner eg om at Kristvik var Noregs fremste pedagogiske tenkjar i meir enn fire tiår (1913-1956), dokumentert gjennom bøker, tidsskriftartiklar og føredrag. Han var ogso ein framstående samfunnsanalytikar og -tenkjar, serleg synte han det i den forvitnelege boka Folkelagnad (1920). Og so var han nynorskmann, med stor vyrndnad for norsk bygdekultur, som ynskte at ungdomen skulde verte glad i å nytte nynorsk mål i tale og skrift.

Men for Erling Kristvik hadde det å verte nynorsking ikkje vore nokor opplagd sak. Avgjerda om det vart ikkje teken før han var eit par og tjuge år. I festskriftet til 70-årsdagen hans fortel nordmøringen og venen, statsarkivar Anders Todal, om korleis den frukta voks og mogna.- Her les me:

Det var på mellomskulen i Volda at Erling Kristvik møtte nynorsken, eller "landsmålet" som vi sa og skreiv den tida. Mellomskulen [...] var vel ikkje noko "målreir". Men Erling Kristvik møtte sin lagnad i kameraten Olav Vevang. Den karen hadde fått målgriller av verste slaget, og no skulle han skape ein proselytt av sambygdingen sin, som ikkje just var av det beinkløyvde vedslaget. Ordsksiftet mellom dei to gjekk for fullt dag og døgn. Nokor omvendning i målsprøsmålet opplevde ikkje Erling Kristvik den gongen. (Todal 1952, s. 14-15). [Frå 1903-1905 gjekk han på gymnaset i Kristiansund]. Alle gymnas plar ha eit elevsamfunn. Ei oppleving i dette laget gjorde Erling Kristvik til målmann for godt. Det gjekk for seg på den måten at bokmåls-yngelen i [elevsamfunnet] "Lyceum" hadde rotta seg saman om å dukka Olav Vevang på eit møte, der ordskifteemnet sjølvstendte skulle vera "mål-



Professor emeritus Asmund L. Strømnes

sagen". I si naud gjekk Vevang til sambygdingen sin og bad om hjelp. Kampinstinkt, og kjensla av at her stod by mot bygd, tok herreveldet i hugen hos klokkarsonen frå Kornstad. Han lova hjelp, og argumenterte så lenge og grundig på sida av si eiga overtyding at bordet fanga.

Slik kan det gå når dialektisk evne og medfødd opposisjonstrong tek luven frå gamal tru og tilvand tenkjemåte. (Op. cit., s. 16).

Men jamvel om han aldri vart ein aktiv kjempar for saka i lag og media, var han trufast nynorskmann, og delvis ein fornyar av språket gjennom måten å bruke det på og ved å skape nye ord. Eg kjem attende til det.

Biografi og myter

Klokkarsonen Erling Martin Kristvik, fødd 1882 på Kronstad i Nordmøre som den eldste i ein stor barneflokk, hadde lærarar overalt i slekta, kva leid han enn såg i: oldefar, bestefar, far og onklar. Fyrst 19 år gamal fekk han råd til å starte mellomskuleutdanning (to år i Volda). Etter privatisteksamen i Ålesund 1903 (Sg i tysk og matematikk skriftleg) tok han gymnaset i Kristiansund i 1905, ogso her med Sg i matematikk skriftleg. Som artianar kunne han den gongen verte lærar med ei tilleggsprøve på eitt år, og med hardt arbeid kunne ho styttast til ½. Dette alternativet realiserte han i Volda i 1906, og vart straks tilboden lærarstilling ved bygda sin private mellomskule. Frå 1908-1913 var han lærar ved Den private lærarskulen i Volda og frå 1913-1915 ved Møre folkehøgskule. So flytte han til Tromsø, der han vart tilsett som over-

lærar ved lærarskulen. Han vart der fram til 1923, med avbrot 1920-1921 då han underviste (saman med Torstein Høverstad) ved Lærarhøgskulekurset på Bondi (Asker). Etter to år som overlærer i Hamar (1923-1925) var han frå 1925 og fem år frametter skuledirektør i Nordland og Troms. I 1930 var han attende i Volda, som rektor for lærarskulen, ei stilling han hadde til 1946 då han gjekk inn i profesoratet i pedagogikk ved Noregs lærarhøgskule i Trondheim (ledig etter Søren Nordeide). Han gjekk av ved oppnådd pensjonsalder i 1952.

Sentralt i Kristviks forfattarskap står lærebøkene i pedagogikk (trilogi). Mindre påakta hev vore boka om samfunn og kultur, Folkelagnad (1920), likeins Livsorientering. Ideologisk nyorientering (1954). I tillegg til bøkene kjem eit stort tal artiklar publiserte i skulepressa, i Norsk Pedagogisk Tidsskrift og i festskrift. Desse arbeida er mest ikkje kjende lenger, men av dei pedagogiske tilskota hans er kanskje dei dei mest nyskapande og forvitnelege.

Det formar seg lett historier og mytar om sermerkte personar. Dette gjeld ogso Kristvik. Eit halvt hundreår etter at han gjekk ut or aktivt yrkesliv og 40 år etter at dei fleste har gløymt honom bort, dukkar det no opp synsmåtar om mannen som synest å feste seg lett. Men diverre er mange av dei misvisande og saknar haldepunkt. Biletet av busemannen er ein av stereotypiane. Vel, han såg ålvorleg ut og han tala ikkje i utrengsmål. Me borna såg på honom med undring og stor respekt. Men redde honom var me neppe. Og blid og triveleg kunne han vise seg, kanskje serleg når han steig inn i skuleklassane, eller når han i eigenskap av rektor laut løyse vanskelege brotssaker som einskildelevane i øvingsskulen hadde rota seg bort i.

Ein annan stereotypi gjeld Kristvik som *asosial einstøing*.. Det biletet er like gale. Han sat nok mykje for seg sjølv, las uhorveleg mykje, og skreiv dei lange og tankemetta tekstene sine. Han var ein arbeidsmann, opplærd til å nytte tida godt. Han stogga ikkje ofte for å slå av ein prat når han møtte folk, og var vel aldri å sjå i samtalegrupper "nede på land", som me sa den gongen. Men i venelag var han den aktive samtalepartnaren. Diskursar i slike grupper,

og i elevlagsmøta, verka det som om han elska høgt. Den kritiske tanken hans kunde nok verte forveksla med opposisjonslyst, og venen Anders Todal talar om medfødd opposisjonstrong, men skriv ogso at "hans tanke arbeider aldri meir intenst enn under debatt" (Todal 1952, s. 19).

Ei tredje mistyding er påstanden om at Kristvik *ikkje var strateg*. Det kan nok finnast døme på at han var mindre strategisk, men det finst ogso døme på det motsette. Det var soleis han som fekk inn i Lærarskulelova av 1930 ei viktig formulering som skulde sikre lærarskulen styringa over den praktiske lærarutdanninga (som folkeskulane i by og bygd sjølve hadde styrt lenge), og det var han som fekk gjort pedagogikk til eit sentralfag i lærarskulane. Og ikkje minst viktig, takk vere dei strategiske evnene hans vart den pedagogiske stilen innført som skriftleg heildagsprøve til lærareksamnen, endå so sterk motstand det var. Men det klåraste og best dokumenterte dømet på det strategiske handlaget hans, er truleg skipinga av Statsøvingskolen ved Volda off. lærarskule i 1933, som kom til å verte ein uvanleg interessant eksperimentalskule. For å få honom i drift, spela han ut alle motmenn, både dei kommunale øvingslærarane, Volda kommune og sjølve Staten, og fekk det til slutt premiss som han sjølv ville ha det.

Ei fjerde mistyding kan ogso sporast. Det vert no skrive om Kristvik at han støytt frå seg mange av dei som elles skulde ha vore hans beste hjelpesmenn. Eg veit ikkje kven ein då tenker på. Anna Sethne og Helga Eng? Olav Schulstad og Håkon Wergeland? Skuledirektør Eftestøl? Eller kanskje Bernhof Ribsskog? Denne skuldinga er det neppe lett å dokumentere. Rett nok debatterte han skarpt, han kunde vere svært kvass i formuleringane, og søkte aldri medvite etter proselyttar. Og Monrad Norderval (1952) skreiv ogso i diktet sitt om Kristvik at "mang ein var det som du frå deg skræmde med di så bønlaust sanningskjære ferd". Men at forma hans ikkje var tiltrekkjande for alle, vil ikkje seie at han støytt folk medvite frå seg. Og, er det fullvisst at dei som han i so fall skræmde, skulde kunde ha vore hans beste hjelpesmenn?

Ei siste mistyding, og ho er nok den mest ålvorlege, er at han skulde ha meint at foreldra skulde vere skulen sin oppdragsgevar. Eit slikt syn verkar sjølv-motseiande når det vert lagt i munnen på

den same som hev skrive at "Fleire og fleire heimar gjev i vår tid opp å gripa regulerande inn i livsføringa åt borna" (Kristvik 1945, s. 158), "[at] fleire og fleire heimar gjev opp ansvaret for oppsedinga av dei unge" (same stad, s. 161), og at "mange foreldre forsømer sitt ansvar for oppsedinga" (Kristvik 1953, s. 219) (her etter Dale 1999, s.388). Eg kjem litt innom denne mistydinga lenger ute.

Tankespenn og tilskot

Den som tek bryet med å gå inn i Erling Kristviks rike og store livsverk, finn ut at han var nyskapande på minst tre omkverve. Vurderinga gjeld ikkje berre når ein nyttar norske tilhøve som målestav, men jamvel internasjonale. Rett nok hadde Kristvik lese mykje, og han var "prismatisk" (for å nytte eit omgrep frå Gunnar Skirbekk) på den måten at han gjorde tankane i samtida tydelege, men intensjonen hans var større, for som han sa sjølv: tanketilfanget utanfrå skulde ein "lema sund, og gjera til sitt eige". Han var difor ikkje berre prismatisk, men i stor mun ein original tenkjar innanfor pedagogisk sosiologi, pedagogisk filosofi og didaktikk. Eg kjem her til å sjå litt på tilskota hans til dei to fyrstnemnde felta.

Sosiologisk tenking

Alt frå 1920 står Kristvik fram som sosiologisk tenkjar. Grunnsynet hans er bygd på lesing av europeiske klassikarar som Emile Durkheim og Ferdinand Tönnies. Han fortel i ein artikkel at

nokre [...] sosiologar såg i si tid på samfundet som ein organisme i meir eller mindre bokstaveleg meinig. Samfundet eller folket hadde si 'sjel', og det var tale om 'folkeånda', og ein tenkte då på ein vilje og ei kraft utanom og over dei ein-skilde individ. (Kristvik 1937, s. 228).

Det var naudsynt å vite kva andre hadde tenkt, jamvel om det var urett. For, etter hans vurdering var "Alt dette [...] avvegar. Samfundet er ingen 'organisme' i biologisk tyding" skriv han på same side. Men samfunnet var heller ikkje eit meir eller mindre tilfelleleg hopehav mellom menneske, som han sa. Kristvik avmystifiserer samfunnet som omgrep, og han gav det ein rasjonell funksjon og eit etisk perspektiv. Han seier difor kort og beint fram at "Samfundet er eit varande samliv, som i sine fundamentale former skaper

fyresetnader for menneskeleg livsutfalding i lekamleg og åndeleg lei" (same stad, s. 229). Denne definisjonen var romsleg, og det kunde sjå ut som om han gav plass ogso til det liberalistiske samfunnsynet, "med tyngdepunkt lagt i sjølvhevdinga, i dugleik til å tevla ut andre og vinna og verja eit rom i livet" (same stad, s. 214)", som han sa. Men dette samfunnsynet var likevel langt frå Kristviks ideal, og med formuleringa "Sanfundet er eit varande samliv" var liberalismen trygt ekskludert, for han (liberalismen) skulde nettopp tevle ut nokre og vinne eit rom for andre, og då kunde samlivet ikkje verte varande. Ein viktig premiss i dette biletet av samfunnet var at sjølvet, det me kvar og ein inst inne er, var vorte vove inn i sosiale fellesskap, serleg i familien, grannelaget, kommunen, regionen, nasjonen osv., eller som han formulerte det: sjølvet var vove inn i barneheimen, heimbygda og fedreheimen.

Heimen var for han både ein sosial kjerne og ein utvidande metafor. At fedreheimen hadde plass i denne heilage treeininga, grunnjev han slik: "Berre fedrelandet, den store heimen, kan gjeve retteleg luft under vengjene for all stor livsevne, for all skapande kraft" (Kristvik 1921, s. 271). Og han held fram slik:

Sunnmøre vilde ikkje ha gjort anna ut av Ivar Aasen enn ein raritetssamlar. Markblomar og målblomar kunde han nok samla, men snaudt nok hadde det frigjort hans veldige ånd. Noreg derimot gjorde han til målmeisteren og kulturreisaren, til eit genialt reiskap for den nasjonale livsviljen i folket.

Basisen for samfunnet var soleis å finne i desse sosiale relasjonane som skapte, gav og utvikla samhandling og tillit, og som var forankra i den nære staden, i den heimlege sosiale røynda. Å fremje vilkåra for tillit mellom samfunnsmedlemmene stelte krav om "ei menneskeleg samlivsform i tenesta for den komande ætt" (same stad, s. 268). Denne samlivsforma og denne tenesta var oppsedinga, det vil seie ein normativ praktisk pedagogikk. Difor leidde tenkjinga heilt logisk til at oppsedinga måtte verte "den sentrale og fundamentale samfunnsfunksjon". Det kom i so fall til å gje stor profitt på tre felt: Samfunnsdugleiken auka, samfunnsviljen vart prioritert og samfunnsforståinga vart utvikla. Det er soleis ei råkande formulering Rune Slagstad gjev når han seier at

for Kristvik var samfunnet eit pedagogisk rom (Slagstad 1998, s. 99ff).

Pedagogisk tenking

Kristvik såg det altså slik at i samfunnet var heimen og huslyden den heilt sentrale institusjonen. Huslydane var dei sellene som bygde opp kvart større samfunn. I personkonstellasjonen der understreka han serskilt rolla hennar mor. Men han ville ogso ha med far i den parentale oppgåva. Han ville ha far ut or den tradisjonelle mannsrolla, merkt av tevling og veiding, og i staden fremje tenareigen-skapar hos mannen, slik at han ogso vart heimbyggjar og tok forpliktande ansvar i heimen for avkomet, saman med mor. Arbeidshopehavet deira laut samle seg om borna. Sjølv at barnet skulle vevast inn i familie- og slektshopehavet. Heimen var soleis den fyrste viktige institusjonen. Den neste var skulen. Men i den forma og med det innhaldet som han hadde fått, var han ikkje på nokon måte eigna for oppgåva. Skulde skulen tene ei rolle i "folkedaningsheimen", laut han endrast kraftig.

Skulekritikk

I kritikken av skulen i samtida var Kristvik like nådelaus som han var reflektert og fylgjerett i den pedagogiske filosofien sin. I ein omfemnande og prinsipiell artikkel frå 1927 som eg vil leggje til grunn for det kortfatta oversynet eg her vil skissere over den pedagogiske tenkinga hans, skriv han at på 1920-talet var det "blindskap og slump i skulestova [...], vingling, tankelause tilsprang og uøkonomisk og urasjonelt bråk. [...] Fag blir sett jamsides med fag [...], i stor monn får slumpehovet rå, mykje er tilfeldig og usamanhangande, laust og innbyrdes motstridande. [...] Berande tankar vantar. Det finst ingen byggeplan; ein har ikkje pedagogiske eller didaktiske prinsipp å gjennomføre" (s. 641). "[Det rår] kaos og ikkje åndskultur" (same stad, s. 685), og so bortetter. Han sannkjenner at folkeskulen på den tid ynskte å gje ålmenndaning, men ser at konsekvensen var fagtrensel. Kunnskapsgjevinga i den vanlege bokskulen var altså ikkje vegen mot ålmenndaning.

Sentrale pedagogiske premisser

Vegen fram mot ålmenndaning kravde syn for det som sameina, "skjønne på omsynet til det heile [...], dugleik i å dømme om særkrav og spesialformål og [dugleik i å dømme om] lokalomsyn ut

frå omfattande synspunkt." (same stad, s. 672). For samfunnstenkjaren og sosialpedagogen Kristvik skulde difor eit sentralt mål med folkeskulen vere

å gjeve forestillingslivet ein slik struktur at den indre biletverda kan spegle av den røynelege verdsbyggnaden i sine hovuddrag, med tyngdepunkt i dei menneskelege livshøve, dei vilkår, vanskar og voner som samlar seg i menneskeleg lagnadbundenskap (s. 685).

Å skape ei indre biletverd i folkeskulelevane som kunde spegle av den røynelege verdsbyggnaden i sine hovuddrag, var, som han sjølv sa, ei verdfull og umissande gjerning for den sosiale og kulturelle framvoksteren, eller sagt litt annleis: for at eleven skulde kunne utvikle eit sosialt skjønne og kunne vere med i ei kulturell utvikling. Men det å skape ei slik indre biletverd vilde vere ei gigantisk pedagogisk oppgåve som vilde krevje ny gjenomtenking av visse pedagogiske hovudomgrep, og dessutan både opprydding, utskiljing, samanfatting, bortskjering, konsentrasjon og organisering av innhaldskomponentane i skulen sitt program. Slik han såg det, galdt det om å skape syntesar i fagstoffet, og med det nye heilskapar (s. 671) der målet skulde vere å "[...] tvinge fagdugleiken til å avmåte sine tilskott og sine krav" etter det han kalla "ein samla økonomi" (s. 671-672).

Stillaset i eit nytt byggverk

Kristvik gjekk laus med ålvor og uthald på den store oppgåva det vilde vere å skape føresetnader for at skulen skulde kunne gje borna ei indre biletverd som kunde spegle av "verdsbyggnaden" i sine grunndrag. I det oppryddingsarbeidet som trongst laut utgangspunktet vere dei sjelelege grunemna, som han sa, nemleg sansingane og førestellingane (s. 641). Desse er då dei byggjande faktorane i det han kalla ein sjeleorganisme (s. 642). Men jamvel om grunemna låg der, vilde ikkje byggjinga kome av seg sjølv. Og forklaringa på det er einfelt nok: åndeleg liv er nemleg ikkje styrt av eit indre, medfødd framsyn, slik det organiske livet er (gjennom instinkta). Vårt åndelege liv hev ikkje næringsemne i eit instinktgrunnlag. Av det fylgjer det for innhaldet i pedagogisk arbeid at:

"Det trengst vegvising, utpeiking av vokstervegar - stengjing her, sprengjing der.

Livsens krefter må styrast inn i tenlege far, eit kanalsystem er turvande, eller om ein vil, eit trådnett til å leie livsenergien på tenlegast måte mot oppgåvene og verksemdene." (s. 642)

For kvart einskilt menneske vert difor byggjinga hovudordet, og byggverket vert hierarkiske, sjelelege strukturar (s. 642) og sjelelege flettverk. Og han talar om to former for flettverk, eg-komplekset og samfunns-komplekset. Han seier at det er desse to kompleksa eller flettverka som skaper "kraftleingar", "kanalsystem", "tenlege far", og som styrer åndsvoksteren (s. 657). Det vert viktig å skjønne den indre byggnaden i desse to hovudformene av sjeleleg flettverk.

I eg-komplekset samlar sjølvkravet og eigenomsynet seg, "eins lekamlege ve og vel, eins stode utetter, eins von om stiging eller otte for motbør eller vanhepne i hopehavet med dei mange krefter i naturen og menneskelivet som avgjer eins lagnad" (s. 658). Samfunnskomplekset er derimot bygt opp av og organisert ut frå "ein mektig straum av påverknader [...] frå den menneskelege omverda" (s. 658), men hev ogso eit medfødd grunnlag. Dette "går saman med inngrep utanfrå og formar mennesket innerter og utetter i samsvar med samfunnskrav og samfunnsmonster" (s. 658). For oppsedaren vert dei springande punkta kva for mønster han skal halde seg til når han vil skipe til kraftleidingane i barnehugen, kva for lover det er som gjeld for utforminga av det sjelelege virket til eit heilstøypt byggverk, og kva for steg det er som utviklinga må fylgje dersom den høvelegaste innreidinga skal kome i stand. (s. 642).

Oppsedarane visste, då som no, om to opplæringsprinsipp å velje mellom. Det eine var det materiale (encyklopedismen) som la vekt på innhaldet, detaljane og mangfeldet, altså på kunnskapane, moralen (forskrifter, påbod, forbod, formaning, føredøme, einskildkrav, vaneforming) og praktiske dugleikar. Det andre var det formale som la vekt på trening av visse oppgåver og evner som skulle hjelpe læringa på alle felt, som sansetrening, trening av logisk evne ved hjelp av arbeid med grammatikk og matematikk, men ogso rein viljetrening (s. 657). Kristvik var kritisk til bae prinsippa. For slik han såg det, var "Formalisme [...] ikkje stort likare enn encyklopedisme. Dei dynamiske tilgangar i hugen skriv seg ikkje frå nokor sen-

tralevne som det gjeld å øve op" (s. 657).

Han valde ein tredje veg. Skulen burde "setje eleven sine evner i verksemd [...] gjennom strev med sentrale, grunnviktige livsoppgåver" (s. 657). Skulearbeidet laut, sa han, by på vilkår for vokster av både eg-komplekset og samfunns-komplekset. Men grunnvilkåret for det var at det vart utført ei gjennomtenkt planlegging av innhaldet i skulen. Einast det kunde sikre ein vokster som skulde føre til organisert, hierarkisk oversyn og innsyn i den indre biletverda. Kunnskap som skulen skal gje, meinte Kristvik laut "kome i form av påemna *åndsveggar fram mot oversyn, røyndomssamanheng, livsorientering*" (s. 685) (mi kursivering). Og vidare: "Dei ymse emne må [i skulen] setjast i dei rette saklege råmer, så tanken og vetet kjem til å sjå kvar ting i sin røyndeleg samanheng [...] Vi vil kalle dette å *sjå kvart emne i dei rette relasjonar*" (mi kursivering) (s. 685). Og han legg til at "Dei "rette" relasjonar skjønar ein når tanken har sett eit visst emne saman med alle dei andre som har noko å segje for det, samstundes med at ein skil millom viktige og uviktige, tilfellelege og lovbundne omstende og årsaker" (s. 685). Han slær difor fast at "Det gjeld no å kome til klårleik over dei røyndeleg relasjonar i tilværet, [...] å gripe ut visse *hovudrelasjonar som dreg opp grunnlinene i verdsbyggnaden* (mi kursivering). [...] [Og] under arbeidet med eit slikt relasjonsskjema blir to synspunkt særleg viktige" (s. 686). Om desse seier han (mykje nedstyttat):

Det eine [synspunktet] vil vi kalle det universelle prinsipp: ein freistar å sjå på tilværet slik som ei heilt utanforståande ånd kan tenkjast å makte det [...]: tilværet skipar seg til i ei rekkje lag eller høgder med stigande fridom for og verkeleggjering av ånd. [...]. Dei universelle relasjonar er [...] dei materielle [...], dei biologiske [...], dei økonomiske [...], dei sosiale [...], dei sjelelege [...], dei kulturelle. (s. 686)

[Det andre synspunktet,] det totalistiske prinsipp, er fullt så viktig. Verdsbiletet blir sjellaust dersom det ikkje får eit midtpunkt, eit personleg midtpunkt [...] Etter det totalistiske syn blir derimot verdsbiletet organisert kring eit absolutt midtpunkt, det for oss absolutte - og noko anna kan ikkje vår tanke halde fast. Det totalistiske opplæringsprinsipp understrekar dei personlege relasjonar. Ein vil da tenkje på dei organiske vilkår for eins

framgang[...]: min kropp og tilgangane der (s. 686-687), [...] *dei sosiale relasjonar: mitt samliv med andre [...]* (s. 700), *eins eigne sjelelege relasjonar [...]: dei verksame krefter i mitt indre liv [...]. Dei yrkesbundne relasjonar skal vere dei sterkaste, tydelegaste liner i eins personlege verdsbilete. [...] Kvant menneske som ikkje ynskjer å vere ein snyltar, må finne sin plass, eit arbeid og eit ansvar.* (s. 700)

Han føyer ogso til økonomiske og kulturelle relasjonar som komponentar i dei personlege relasjonane.

Innhaldet i byggverket

Etter at han soleis meinte å ha funne dei rette saklege råmene, galdt det om å gå inn i mangfeldet av læringsemne i skulen, og lage eit nytt opplæringsprogram der emna vart plasserte slik at elevane kunde "sjå kvart emne i dei rette relasjonar", og dimed vinne fram til oversyn og oppdage meiningar.

Men å vinne fram til oversyn og å oppdage meiningar, heng ikkje berre saman med at emna vert sette inn i dei rette samanhengane. I tillegg heng det i høg grad saman med dei sjelelege føresetnadene til elevane, dei alderstypiske serdraga deira. Erling Kristvik generaliserte skuleborna sine aldersserdrag inn i tre hovudgrupper, eller "aldrar": Impulsalderen, strukturalderen og funksjon-salderen. Den fyrste var typisk dei to fyrste skuleåra, den andre dei tre neste og den sistnemnde dei to siste åra i den sjuårige folkeskulen.

Eit langt stykke på veg maktar han å konkretisere synsmåtane sine om å få elevane til å "sjå kvart emne i dei rette relasjonar" innanfor dei ulike aldersstega, og dimed vinne fram til oversyn og oppdage meiningar, og best gjer han det for opplæringa i heimstaddlære. Men det fører for langt å ta opp desse tilskota her. Altso: Når skulen maktar oppgåva å organisere emna i skulen i samsvar med både det universelle og det totalistiske prinsippet, då tener han ålmenndaninga. For "Framsteget i ålmenndaning fylgjer med ei jamt vidare utbyggjing av eit relasjonsnett, ei kartleggjing av tilværet, der kvar ting kjem på sin rette plass" (s. 685). Og han minner oss om at "Motsetninga til eit menneske med ålmenndaning er ikkje analfabeten [...] Motsetninga er derimot den reine fagspesialisten" (s. 671).

Når ein kjenner skuletenkjinga til

Erling Kristvik, skjønar ein at det vilde vere heilt urimeleg for honom å meine at foreldra skulde vere skulen sin oppdrags-gjevar. Det vilde snøgt gjere innhaldet i skulen tilfelleleg og gjere det umogeleg å gje eleven ei rimeleg relasjonsforståing og eit gagnleg livssyn. Likevel, Kristvik understreka meir enn nokon annan kor verdfull foreldra si oppgåve var i oppsedinga. Men naiv var han ikkje, og han hevda difor ikkje at foreldra automatisk hadde evne til å plassere alle emne i skulen i sine rette relasjonar. Det laut vere skulen si overordna oppgåve. Det er ikkje urimeleg å meine at Kristvik truleg var vel optimistisk på dette punktet.

Språk - og ordprøver

Kristviks tenkjing vart kledd i eit klårt nynorsk språk. Han las mykje tysk, engelsk og fransk litteratur, og sume meinte å sjå at setningsbyggingen, serleg i bøkene, var farga av tysk syntaks. Men det vil truleg vere rettare å leggje vekt på at han hadde ei serskild evne til å kle budskapsen sin i ein noko sermerkt målbunad. Når skriftene hans skapte negative reaksjonar, kom det nok ogso av den overraskande meningsvendinga innhaldet kunne ha. Her er det lett å fine døme. Alle dei eg refererer her er frå den same artikkelen frå 1927 som eg hev synt til ovanfor. Han skreiv her om "Sitatsprøyter som kastar op sine lærebøker" (s. 685), og at "Om ein har det finaste musikalske øyre og har øvt dette til fullkomenskap, kan ein vere dauv for den sterkaste mislyd i livet likevel" (s. 657). Eller han kunne slå fast at "Ryggbein trengst i alle kulturorganismar" (s. 671), at "Hos fagspesialistane finn ein hestevandingslogikken og dei stengde tankeveggar" (s. 671), og vidare "Vil ein gjere einkvan uskikka for det allsidige, kloke omdøme i menneskelege ting, så få han til å samle seg om rekning og matematikk" (s. 657). Han konstaterte ogso at "Allslags 'ferdigheter' skal dei [dvs. elevane] leggje seg etter. Derfor byd somme skular utløyning for fingerklåen på tallause måtar [...] utan [at eleven] blir noko praktisk verksamt menneske" (s. 657).

Kristvik skapte ogso ein del nytt ordtilfang. Sume ord som han fann i den internasjonale faglitteraturen, adopterte han utan å be om orsaking. Lesarkrinsen og tilhøyrarane hadde aldri høyrd tale om impuls-alder, struktur-alder og funksjons-alder, som vart heilt sentrale omgrep for Kristvik. Ogso ordet relasjon var nytt.

Andre ord var nyskapingar, og sjølvsagt irriterte dei, som at han skifte ut rigid med det målande ordet steingjengen, instinkt med drivande krefter, psykologi med sjelelære, egoisme med eigenomsynet, motivasjon med draging, illojal med samhugslaus, sansing med åtgåum og persepsjon med åtgåing. Elles fann han på råkande ord som "Grunnskipnad", "Sjelebygnad", "Sjeleorganisme", "Omverdsviljen", "Sjølvs-kravet" og "Vokstervoner". Og som synonym til karakteristikken "den menneskelege omverda" kunne han bruke "Grunnen eins liv er planta inn i".

Kanskje var ogso desse orda medverkande til den urettvise klisjeen "tåkefyrste" som mindre klårsynte lika å bruke om honom. Det smakar difor godt at sume i våre dagar har oppdaga denne 'fyrsten', at nynorsken ikkje lenger verkar som eit meinbægje for møtet med tenkjinga hans og at interessa for argumentasjonen og synsmåtane hans avgjort hev auka i det siste.

Litteratur

Artiklar, debattinnlegg, bokmeldingar og bøker av Erling Kristvik (1997). Utarbeidd av PEDER BERGEM og ÅSMUND L. STRØMNES. I "Innstilling frå Erling Kristvik nemnda". Volda: Høgskulen i Volda.

DALE, ERLING LARS (1999). De strategiske pedagoger. Pedagogikkens vitenskapshistorie i Norge, s. 346-439. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

KRISTVIK, ERLING (1920). Folkelagnad. Tankar om samfund og kultur. Kristiania: Olaf Norlis Forlag.

KRISTVIK, ERLING (1921 og 1922). Heimstadlære. Norsk Pedagogisk Tidsskrift, s. 259-271 og s. 1-8 og s. 61-74.

KRISTVIK, ERLING (1927). Aalmenndaning i folkeskolen. Norsk Skoletidende, 59, s. 640-42, s. 656-58, s. 670-72, s. 685-87, s. 700-01, s. 714-15.

KRISTVIK, ERLING (1937). Pedagogikken si stilling i lærarutdanninga. Norsk Skuleblad, s. 78-80, s. 91-93, s. 107-

09.

KRISTVIK, ERLING (1945). Lærarutdanning og lærarhøgskule. Norsk Skuleblad, s. 343.

Kristvik, Erling (1952). Biografi. I KARL BAKKE (red.) Norske Skulefolk, II. Stavanger: Dreyer Forlag

KRISTVIK, ERLING (1953). Læreryrket. Innføring i pedagogikk. Oslo: Olaf Norlis Forlag.

KRISTVIK, ERLING (1954). Livsopplysning. Ideologisk nyorientering. Oslo: Olaf Norlis Forlag.

NORDERVAL, MONRAD (1952). Erling Kristvik. Til målarstykket av H. Riise. I Festskrift til rektor Erling Kristvik, s.1-2. Oslo: Olaf Norlis Forlag.

SLAGSTAD, RUNE (1998). De nasjonale strateger. Oslo: Pax Forlag A/S.

TODAL, ANDERS (1952). Erling Kristvik. I Festskrift til rektor Erling Kristvik, s.3-19. Oslo: Olaf Norlis Forlag.

Kven trur dei at dei lurar?

Av Olav Torheim

Det heiter at ein kann lura nokre fåe personar heile tidi. For ei liti stund er det mogleg å lura heile folket. Men ein kann ikkje lura heile folket heile tidi. No er det tid for å spyrja kor lenge målrørsla skal ganga i kring og lura seg sjølv.

For fyrste gongen på meir enn 20 år kjem det nye rettskrivingsreglar for bokmål. Med dei nye reglane vert dialekt-nære former strokne frå bokmålet. Til dømes vert lite nytta former som "kopar" og "åffer" tekne burt frå ordlistone. Frå no av skal det einast heita "kobber" og "hvorfor". I eit intervju med NRK Kulturnytt hevdar leidaren i Noregs Mållag, Steinulf Tungesvik, at nynorsken kjem til å tena på at bokmålet misser desse talemålsnære formene:

"Noregs Mållag håper dette vil føre til at flere språkbrukere i hele landet vil se seg tjent med å bruke nynorsk oftere. Nynorsk er den dialekt-nære varianten i norsk, bokmål beveger seg bort fra det dialekt-nære og i konservativ retning", uttalar Steinulf Tungesvik til NRK P2.

<http://www.nm.no//side.cfm/1660/41916>.

Her kan det vera på sin plass å minna um at dei rettskrivingsendringane som er gjorde i bokmål berre er ein praktisk konsekvens av at samnorskpolitikken er offisielt avskipa - i staden for å halda fram praksisen med jamstelte former og

klammeformer, hev bokmålsdeildi i Norsk Språkråd jamstelt tradisjonelle riksmålsformer og kutta ut dei tilnæringsformene som framleides etter femti års ordlisteplass (td åffer) ikkje hev slege gjennom.

Steinulf Tungesvik hev soleides til gode å fortelja kva det er nynorsken hev å tena på eit vedtak som i realiteten ikkje endrar på noko som helst.

I røyndi kann utsegnene frå mållagsleidaren vandslegt tolkast på annan måte enn at han er nøgd med målstoda slik ho er - med eit bokmål som er konsolidert kring ei konservativ rettskriving og ein nynorsk som framleides er full av valfridom og rangert etter eit samnorskregime med "moderne" lærebokformer og "mindreverdige" klammeformer. Medan bokmålet, trass i femti års statleg samnorskpolitikk, hev vorte samla kring dei konservative riksmålsformene, hev nynorsken sin styrke i valfridomen for dei serskilt interesserte som ser i ordlistone etter kva for nynorsk som ligg nærast deira eige talemål. Skal me tru mållagsleidaren.

No trur ikkje Målmannen at dei bokmålsbrukarane som hev leita i ordlistone etter former som "åffer" er so mange at det spelar nokor rolla for den vedvarande attendegangen nynorsken hev

havt i heile etterkrigstidi. Snarare tvert i mot. Folk flest lærer ikkje norsk av å lesa i ordlistor, men frå det dei les i avisor, bøker og blad. Folk flest hev soleides problem med å skriva korrekt nynorsk, men hev etter dei seinste rettskrivingsjusteringane ingen vandumål med å skriva korrekt bokmål, slik dei finn det avisor som til dømes Bergens Tidende eller Aftenposten. Her er skriftbilætet klårt og eintydig.

Bokmålet hev ei trygg forankring i ein sterk skriftkultur og eit livande normaltalemål. Det er ikkje bokmålet som er i endring, men det unormerte talemålet, dvs dei nynorsk-nære dialektane. Ei viktug årsak til dette er nett det at nynorsken ikkje hev havt noko klårt definert skriftbilete og soleides ikkje hev kunna fungera normdanande.

Frå vår sida sett må ein kunna konstatera at det som hadde tent nynorsken var ei konsolidering kring dei konservative Aasen-formene. Ein nynorsk som kunde gjeva dialektane ryggstø mot det massive presset frå tala og skriva bokmål. At dei fleste målfolk meiner dette er for mykje å vona på er me kjende med, men å ganga i kring og tru at stoda i dag tener nynorsken er berre å lura seg sjølv.

Språkdogmi fyrst, deretter bokmålsveldet

Av Lars Bjarne Marøy

John Honey skreiv på slutten av 1990-talet ei bok som heiter *language is power*. Boki inneheld mange synsmåtar som hev interessa for målfolk i Noreg. Norskfagsforskarar hev læst seg heilt i sin eigen logikk. Det hev gjenge so langt at ein av dei nyleg hævda at det var skadelegt at folk vart oppmoda um å halda på dialekten eller å normera målet sitt mot nynorsk. Trui på at alt språk er like godt let til å vera so rotfest at norskfilologar truleg hev diskvalifisert seg fullstendig som premissleverandørarar med meiningsfulle utsyner når det gjeld ordskifte kring målreisingsspursmål. Kva er det som gjer at det hev vorte slik? John Honeys bok gjev tankevekkjande svar, jamvel um utgangspunktet hans er målstoda i England og Storbritannia.

John Honey syner til dogmet um lingvistisk likskap i boki. Fyrr dette dogmet vart fastslege, hadde B. Bernstein utvikla ein språkkortteori. Denne teorien gjekk ut på at ein hadde tvo språklege kodar. Den eine koden var knytt til konkret språkbruk, ein avgrensa kode. Og ein fann denne koden hjå born til lågt utdana menneske. Ein annan kode som ein fann hjå høgt utdana var knytt til abstrakt språkbruk, ein utvida kode. Bernstein meinte at det laut vera eit mål å få utvikla ein utvida språkkode hjå born med ein avgrensa språkkode. Denne teorien var akseptert, og vist til fram til kring 1972.

I 1972 skulde det koma eit vendepunkt i sosiolingvistikken. Frå då av utvikla dogmet um lingvistisk likskap seg. Dette dogmet er representert ved ei rad ulike lingvistar. Eit hovudpunkt for Honey er å retta kritikk mot Labov. Labov gjorde eit arbeid i 1972 som hev vorte klassisk og dogmekonstituerande. Han lét ein arbeidarklassegut, ein 15 år gamal gjengleidar, få tala fritt um eit emne. Han jamførte dette med ein gut på same alder som tala standardengelsk.

Labov konkluderar med at arbeidarklasseguten er ein svært glup samtalepartnar som kann nytta det engelske språket til mange ting. Larry, som guten heiter, er i stand til å føra fram avanserte argument.

Denne guten vert kontrastert med ein millomklassegut som hev skrive ei utgreiding um trolldom og hekseri. Labov meiner at Charles, som denne guten heiter, i motsetnad til Larry er ein ordgytar som strævar etter å få fram det han vil segja. Charles nytta eit innvikla språk, medan Larry deri-

mot er kvikk, tiltok og kann gjera seg upp ei meining.

Konklusjonen til Labov vert at arbeidarklasseborni ikkje lid av språkkort, dei hev berre eit anna språk enn standardformi av amerikansk engelsk. For skulen lyt oppgåva vera å måta undervisningi til det talemålet elevane hev, ikkje å pressa nedover deim ei språkform som i siste instans er framand for deim, endå ho er offisiell og offentleg og yverførd gjennom lang skriftleg tradisjon. Labov gjeng jamvel lenger. Han hævda at denne formi for engelsk er betre enn vanleg engelsk og meir tenleg. Dei som talar arbeidarklasseengelsk er betre forteljarar, argumenterar betre og er betre til å føra ordskifte.

John Honey er sterkt kritisk til metodane til Labov. Honey peikar på at Larry fekk ei rad spursmål fram mot argumentførsla. Charles tok til med å leggja ut utfrå eit spursmål og resonnererte kring det. Bakgrunnen for dei intervjui Labov gjorde er ikkje gjord greida for. Kvifor var desse tvo gutane valde ut? Var dei representative? Intervjui vart gjorde utan at Labov hadde kontrollert utprøvingane. Poenget hans var nett at kontrollerte forsøk ikkje kom til å føra til noko. Med kontrollerte forsøk vilde ein berre koma til å gjera dei same feili som Bernstein. Ein vilde ikkje få fram det geniale aspektet ved arbeidarklasseengelsk.

Utfallet vart :

1. Labovs konklusjonar vart gløypte råde. Ei tekstbok frå 1979 oppsummerte at Labovs arbeid hadde vorte godteke utan mykje åtfinning. Peter Trudgill førde resultatit yver til England i 1975 med boki *Accent, Dialect and the school*. Denne boki vart helsa velkomen i *Times Educational Supplement* : " as a salutary antidote to the obsession with standard English which has been a feature of our educational system". Labov vart sett høgt upp på pensumlistone i England etter dette.
2. Bernsteins teori um dei tvo kodane vart uglesedde og miste all vitskapleg frægd. Bernstein vart stempla som politisk ukorrekt.

Yverføring til Noreg

Det er ein ting å segja at ulike språk er potensielt like gode til å uttrykkja eitkvart. Det er noko anna å segja at alle dialektar innanfor eit språksamfund som Noreg er

like gode. Og endå noko anna å segja at alle dialektar i Noreg fungerer like godt til å verta nytta til skriftmål.

Skriv som du snakkar eller berre snakk. Me skal ikkje ha nokon normal, alle skal få skriva so nært upp til dialekten sin/talemålet sitt som råd. Dette er talemålspedagogikk som hev vorte førd vidare til Noreg. Dei som fylgjer skrifttradisjonen er berre ordgytarar. Medan dei som skriv breid dialekt er frigjorde, intelligente, gode forteljarar og debattantar. Kva segjer so folki kring Språkleg Samling og mange aktive målfolk til dette? Ein vanleg tankegang når det gjeld skriftmålet er at me kann ikkje ha ei fri språkutvikling. Me lyt ha ei statleg normering av skriftmåli. Um ikkje er det bokmålsveldet som fær råda. Men når det gjeld talemålet er det riksmålssida som er mest interesserte i å normera det. Målfolk hev vore avvisande til det. Høgnorskfolk derimot hev havt mykje av det same synet som riksmålsfolki her.

Me høgnorsktilhengjarar kann jamvel verta skulda for å vera for huga på å kritisera samnorskbrukarar og nynorskbrukarar og ty til kritikk som samstavar med det riksmålssida segjer. Det kann hævda at me meiner spursmålet for/mot samnorsk/talemålspedagogikk (avvising av normaltalemål) er yverordna spursmålet for/mot bokmål, og då meiner sume at målreisingi kjem på ville vegar. Det største trugsmålet mot nynorsken i dag er bokmålsveldet, og ideologiproducentar (både norske og utanlandske) som styd upp um bokmålsveldet høyrer til millom dei fremste motstandarane våre, kann det hævda.

Her er eg grunnleggjande usamd. Skal me koma frametter med målreisingi, meiner eg, at eit viktugt stig på vegen må vera å brjota med og avvisa rådande dogme innanfor norskfagsmiljøet/sosiolingvistikken. Den politiske korrekte tenkjingi som mykje av sosiolingvistikken byggjer på er berre eit meinbæge for målreisingi og striden mot bokmålsveldet. Målreisingi lyt byggja på realitetar og ikkje på synsing. Skriftmåli finst og er etter måten konstante, ulike talemålsvariantar kjem og fer. Målfolk som aktivt godtek og gjeng inn for bokmålsinnflot i nynorsken er med på å byggja oppunder bokmålsveldet og tener ikkje saki. Me lyt helder lyfta fram språkstoff frå den nynorske skrifttradisjonen og gode norske ord frå målføri.

Norskfagsgranskarar, til liks med mål-

B



ISSN-1503-2469

folk med sosialistiske sympatier, lèt til å tru at det er noko som er rett framgangsmåte i målreisingi. Det hev vore med på å forsterka språkdogmet um at alle språk er like gode. Ålment sèt er eg tvilande til kategoriske framstillingar av kva som er rett/ideelt. Eg meiner at det er viktugt å nå fram til sannkjenningar og sanningar på tvers av skjematisk tenkjing. Det som er rett for oss, treng slett ikkje å vera rett for alle andre. Og at t.d. språkgranskarar lagar ei standardoppfatning av at normal-talemålsbruk er uvitskapleg, treng slett ikkje å vera noko som målreisingi er tent med, snarare tvert um vil eg segja.

Labov/Trudgills målpolitiske program hev vore å få fram at dialektane ikkje er dårlegare språkssystem enn standard-talemålet, men like gode, og difor hev det t.d. vore viktugt for deim å kalla standard-talemålet for "a dialect" på lina med andre dialektar. Dette hev ført med seg ein aksept for at dialektar og standardtalemål er like gode språk. Då kann dialektane nyttast fullt ut i skrift og tale, hev det vorte hævda. Dette prinsippet kjenner me att frå sosialdemokratisk politikk som det universalistiske prinsippet som råder millom anna i helsepolitikken.

Det er eg usamd i. Det språkpolitiske dogmet um at alle språk er like gode er neppe det som fekk folk til å verta meir huga på å nytta dialekt på 1970-talet. Dreiningi mot meir dialektbruk var på gang ei heil stund fyrr Labovs undersøkingar nådde Noreg. Det hev vore stor variasjon i skriftspråksbruken innanfor nynorsken i alle år. Innanfor skjønnlitteraturen kann det jamvel sjå ut til at dialektformene hev gjenge attende dei seinste 30 åri (ei etterrøkjing av Lars Vikør kann tyda på det), endå dialektane hev vorte sterkt framdregne i målpolitisk agitasjon. Variasjonen i nynorsken er nok utan tvil meir styrd av valfridomen i målet og innslag frå bokmålet enn av at folk nyttar dialektinspirert

språkbruk. Det hev vel helder vorte slik at i den grad den sosiolingvistiske einsrettingi hev slege gjennom, hev det ført til at folk hev vorte mindre upptekne av å nytta ser-norske ord og umgrep, for det spelar ikkje nokor rolla når alt er like godt.

At utviklingi mot meir bruk av dialekt munnleg gjekk fyre seg uavhengig av framvoksteren av sosiolingvikken vert endåtil slege fast av Språkleg Samling so tidleg som i 1976. Her vert det peika på at det er sosiolingvistikken som er påverka av samfundsutviklingi på den tidi og ikkje umvendt. Dersom ein meiner at den vinstreradikale bylgja på 1970-talet er liketydande med "samfundsutviklingi" kann ein gjerne segja seg samd i det. Men for skriftmålet sin part fekk sosiolingvistikken meir å segja. 1970-talet var utan tvil det tiåret då alt skulde brigdast på og gjerast meir nøytralt og der tilkorkomingar skulde skrivast um med fine umskrivningar. Skriftmålet skulde ikkje lenger dyrkast, men nyttast etter eige godtykkje, for alt mål var like godt.

Fyremuner med normal-talemål

Kva fyremuner hev ein med eit normal-talemål? Ein kann segja at det lettast kommunikasjonen og det gjer det lettare å læra språket frå seg til utlendingar. Eit normal-talemål gjev oss ein nasjonal einskap, det hev ingi sterk lokal tilknytning og det let seg tileigna av folk frå ulike stader i landet. Dessutan so hev folk den fordomen at normal-talemålsbruk er noko som er knytt til folk med høg utdanning og høg prestisje. Den fordomen kjem dei til å ha lenge enno. Bokmålet profiterar på at me målfolk ikkje vil byggja ut eit standardtalemål i sterkare mun enn i dag. Jamvel i Noreg finst det ei tilnærming til eit normal-talemål, og det er bokmålet.

Bokmålet hev eit standardtalemål. Nynorsken skal ikkje ha det. Det er offisiell nynorsk politikk i tilknytning til store seg-

ment i målrørsla. I praksis gjer denne tilnærmingi bokmålet til einestandard. Når ein høyrer språk ikring seg, tek ein som regel upp ord og vendingar ukritisk eller ein tek dei i bruk av di ein ikkje finn alternativ. Men ein gjer det utfrå eit mynster. Ein finn språklege mynster og ideal som ein fylgjer. Det er vel fæe eller ingen som hermar etter dialekttale på fjernsynet når dei skal visa til noko? Når folk høyrer bokmål derimot då tek dei upp i seg dei språklege utsegnene utfrå det mynsteret dei er vane med. I beste fall knotar folk bokmålet um til dialekt. Når ein vert tvinga til å ha fyrelegg på bokmål og ikkje kann sleppa undan å taka utgangspunkt i bokmålet, kjem bokmålet inn. Det er bokmålsveldet.

Når ein vert drilla i eit livande alternativ til dette, kann ein halda upp med å knota bokmål, når ein kann sleppa, og då kann ein greida å standa i mot bokmålspresset mykje lenger enn det ein elles vilde ha gjort. Talemålspedagogikken/alle språk er like gode ideologien hindrar ei oppbygging av eit normal-talemål på friviljutt grunnlag. Då fær me ikkje noko nynorsk mynster som kann fremja nynorsken i talemåli.

Gjennom å slå fast at alle språk er like gode hev sosiolingvistane rettferdiggjort at nynorsken hev vorte bokmålisert. Me treng ikkje normal-talemål. Bokmålet hev det, men det er me imot: Snakk dialekt skriv nynorsk. Denne tenkjingi kann vera vitug, dersom me tek burt bokmålsveldet. For å uppnå det må me gjera noko: Er de samde so langt? Me vil ha nynorsken inn på alle felt der bokmålet hev domene i dag. Kann me få det utan eit nynorsk normal-talemål? Eg meiner nei. Difor meiner eg at kampen for at folk skal få tilgang til eit nynorsk normal-talemål er grunnleggjande. Denne kampen må vinnast fyrr me kann vinna kampen mot bokmålsveldet.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Liv fritt eller døy. Dauden er ikkje det største vondet.

General John Stark